

# For dei er jo dei viktigaste i verda, iallfall for oss då

Ei kvalitativ studie om korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og korleis foreldre skildrer den logopediske behandling.

Irene Brekkhus



Masteroppgåve i spesialpedagogikk  
Det utdanningsvitenskapelige fakultet  
Institutt for spesialpedagogikk

UNIVERSITETET I OSLO

Haut 2009

# MEN DEI ER JO DEI VIKTIGASTE I VERDA, IALLFALL FOR OSS DÅ

-Ei kvalitativ studie om korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og korleis foreldre skildrer den logopediske behandling.

© Irene Brekkhus

År 2009

Tittel: For dei er jo dei viktigaste i verda, iallfall for oss då.

Ei kvalitativ studie om korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og korleis foreldre skildrer den logopediske behandling.

Forfattar Irene Brekkhus

<http://www.duo.uio.no/>

# Sammendrag

**For dei er jo dei viktigaste i verda, iallfall for oss då.**

**Ei kvalitativ studie om korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og korleis foreldre skildrer den logopediske behandling.**

## **Bakgrunn og formål:**

Tidleg intervensjon ved born sin oppstart av stamming er tydingsfullt for utfallet om stamminga opphøyrer eller vedvarar. Informasjon om stamming og involvering av foreldre i stammebehandling er viktig (Guitar 2006). NIFS (norsk interesseforening for stamme) stiller spørsmål om behandlingstilbodet for born som stammer i norske kommunar er godt nok utbygd (Hope 2006). Formålet med denne masteroppgåva var derfor å undersøkje korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og dei si erfaring med den logopediske behandling.

## **Undersøkinga si problemstilling:**

*Korleis opplever foreldre å ha eit born som stammer og korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?*

Fylgjande forskingsspørsmål er brukt for å kaste lys over problemstillinga:

- Korleis opplever foreldre at stamminga påvirkar boret?
- Korleis opplever foreldre at boret si stamming påvirkar boret sine relasjonar?
- Kva tankar har foreldre om stamming og har dei erfaring med stamming frå før?
- Korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?
- Kva forventningar og behov har foreldre til den logopediske behandling?

**Metode:**

Med utgangspunkt i problemstillinga var det naturleg med ei tilnærming til undersøkinga som innebar litteraturstudier og eit kvalitativt, semistrukturert intervju som metode. Vidare har eg nærma meg problemstillinga på ein fenomenologisk måte , ved å ha fokus knytt opp mot informantane sine eigne erfaringar og opplevingar. Informantutvalet besto av 5 foreldre som hadde born som stamma i alder 11-15 år. Intervjua vart tatt opp på band og transkribert.

Teoretisk bakgrunn for analysen er basert på stamme, - stammebehandling - og rådgjevingsteori. Hovudtema i undersøkinga er ”Foreldre sin livsverden” og ”Den logopediske behandling”.

**Resultat:**

Undersøkinga viser det er av tyding for informantane å formidle at borna deira er så mykje meir enn berre eit born som stammar. Informantane opplever at stamminga til borna har ein varierende karakter, der borna stundom stammar mykje til at dei kan ha ein nesten flytande tale. Dei opplever borna si stamming som vond, vanskeleg og som etablert stamming. Endringar av rutinar og relasjonar i miljøet har tyding for påverknaden av stamminga til borna. Informantane hadde i hovudsak lite erfaring med stamming frå før. Informantane skildrer ei ”vent- og sjå” haldning frå fagfolk når borna byrja å stamme. Undersøkinga viser at informantane har meir forventningar etter oppstart av stammebehandling enn dei hadde før. I tillegg skildrer informantane at det er tydingsfullt at dei tidleg får kunnskap om kva dei kan gjere for bornet si stamming



# Forord

Gjennomføringa av denne masteroppgåva har vore ein interessant prosess, med både utfordringar og spenning. Eg vil takke venner og familie som har ”heia” på meg og ikkje minst takke min veileidar.

Den største takken går til informantane som ville delta i denne undersøkinga, og dele si tid og erfaringar med meg. Eg vil huske dykk lenge!

Brekkehus, November 2009

Irene Brekkehus





# Innholdsliste

1	INNLEIING.....	1
1.1	Bakgrunn for oppgåva og avgrensingar .....	1
1.2	Problemstilling og forskningsspørsmål .....	2
1.3	Oppbygginga i oppgåva .....	3
2	TEORETISK BAKGRUNN .....	4
2.1.1	Omgrepsavklaring - stamming.....	4
2.1.2	Ulike komponentar ved stamming .....	5
2.1.3	Forekomst av stamming .....	8
2.1.4	Årsaksforklaringar.....	10
2.1.5	Ulike nivå av stamminga si utvikling.....	12
2.1.6	Born i skulealder som stammer .....	14
2.2	STAMMEBEHANDLING .....	17
2.2.1	Kort historikk .....	17
2.2.2	Omgrepsavklaring – stammebehandling.....	17
2.2.3	Retningar innan stammebehandling.....	18
2.2.4	Foreldregruppa innan stammebehandling .....	18
2.2.5	Rett til hjelp .....	21
2.3	RÅDGJEVINGSTEORI .....	22
2.3.1	Omgrepsavklaring – rådgjeving.....	22
2.3.2	Eigenskapar hjå rådgjevar .....	23
2.3.3	Ein økologisk modell.....	24
2.3.4	Foreldresamarbeidet .....	27
3	FORSKINGSPROSESSEN .....	29
3.1	Val av tilnærming og metode .....	29

3.1.1	Utvalet .....	29
3.1.2	Val av metode .....	32
3.1.3	Semistrukturert forskingsintervju .....	33
3.1.4	Transkribering av intervju .....	36
3.1.5	Analyse og bearbeiding av datamaterialet.....	36
3.1.6	Validitet .....	37
3.1.7	Reliabilitet.....	37
3.1.8	Generalisering.....	38
3.1.9	Etiske hensyn .....	38
3.1.10	METODEKRITIKK.....	40
4	PRESENTASJON OG ANALYSE AV DATA.....	41
4.1	Foreldre sin livsverden.....	42
4.1.1	”Han er jo ein heilt vanleg gut, utanom at han stammer...” .....	42
4.1.2	”Det går jo i bølger.” .....	46
4.1.3	”Årsakar – ja hadde eg forstått det så.”.....	50
4.2	Den logopediske behandling .....	55
4.2.1	”Vent og sjå.”.....	55
4.2.2	”Samarbeidet.” .....	57
4.2.3	Forventningar og behov.....	61
5	AVSLUTNING .....	64
5.1	OPPSUMMERING OG KONKLUSJON.....	64
	Litteraturliste .....	68
	Vedlegg 1 .....	72

**No table of figures entries found.**





# 1 INNLEIING

## 1.1 Bakgrunn for oppgåva og avgrensingar

Det som satte meg på tanken og vidare utvikla ideen til denne oppgåva var erfaringar eg gjorde meg i praksis-perioden. Me var så heldige å få vere med og delta der born var inne for ein periode angående sine taleflytvanskar. Foreldre til borna var òg med, og me fekk kontakt med dei.

Tidleg intervensjon ved born sin oppstart av stamming er tydingsfullt for utfallet om stamminga opphøyrer eller vedvarar. Informasjon om stamming og involvering av foreldre i stammebehandling er viktig (Guitar 2006). NIFS (norsk interesseforening for stamme) stiller spørsmål om behandlingstilbodet for born som stammer i norske kommunar er godt nok utbygd (Hope 2006).

2-5 år er alderen born har i hovudsak når stamming opptrer for fyrste gong sjølv om ein òg finn døme der stamminga kan opptre heilt fram til born er i pubertetsalder. Ein av faktorane som mogleg verker inn kan vere at språkutviklinga i denne alder er ekspansiv (Guitar 2006). Språklege og kommunikative faktorar i miljøa rundt bornet vil kunne ha innverknad på bornet si stamming.

Mange born som byrjer å stamme vil oppleve at stamminga opphøyrer utan dei har fått behandling for stamminga (Guitar 2006). Hjå mange som 80 % av born opphøyrer stamminga spontant, det vil sei at for 20% av borna vil stamminga vedvare. Ved at så mange born opphøyrer å stamme spontant og av seg sjølv, så har det for mange born ført til at dei ikkje har mottatt stammebehandling (Christmann og Knudsen 1991). Di nærare mot oppstarten eller byrjinga av stamminga ein sèt igong med tiltak, di større er sjansen for at stamminga til bornet vil gå over (Guitar 1998).

For at born skal få ei best mogleg hjelp for si stamming så tidleg så råd er, er det viktig å setje inn med tidleg intervensjon. At foreldre er sterke bidragsytare har vore ein inspirasjon til eit ynskje om å få vite korleis foreldre erfarer bornet si stamming og den logopediske behandling.

## **1.2 Problemstilling og forskningsspørsmål**

Eg har valt å spørje foreldre. Dei mest tydingsfulle mennesker i miljøa rundt born er foreldre (Guitar 2006). Foreldre sine opplevingar og tankar om kan gje eit verdifullt bidrag når eit born treng stammebehandling. Foreldre er dei borna har dei mest nære og tette band til og foreldre kjenner sine born best.

Problemstillinga er som fylgjer:

**Korleis opplever foreldre å ha eit born som stammer og korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**

For å kaste lys over problemstillinga er fylgjande forskingsspørsmål valt:

- **Korleis opplever foreldre at stamminga påvirkar bornet?**
- **Korleis opplever foreldre at bornet si stamming påvirkar bornet sine relasjonar?**
- **Kva tankar har foreldre om stamming og har dei erfaring med stamming frå før?**
- **Korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**
- **Kva forventningar og behov har foreldre til den logopediske behandling?**

## 1.3 Oppbygginga i oppgåva

Del 1 inneheld oppgava si avgrensing og bakgrunn for oppgåva, samt problemstilling.

Del 2 inneheld teori om stamming, stammebehandling og rådgjevingsteori.

Del 3 i oppgåva omhandlar forskingsprosessen og val av metode. Undersøkinga vert presentert i del 4 og del 5 består av avslutning som oppsummerer og konkluderer med undersøkinga sine viktigaste funn.

## 2 TEORETISK BAKGRUNN

### 2.1.1 Omgrepssavklaring - stamming

Stamming finn ein i alle hjørne av verda og blant alle folkeslag utansett status, der er ein kompleks vanske der ein framleis søker etter forklaringsmodellar og årsaker (Guitar 2006). Det har blitt sagt av Culatta og Goldberg (1995) på eit sarkastisk vis; *“...if ten speech-language pathologists were asked to define stuttering, they would come up with eleven definitions.”* (Packman og Attanasio 2004:56). Ein vil anta at dette er eit utsagn som mogleg er eit lite ”hjertesukk” på den vanskelege oppgåva det er å verte samde og finne ein eintydig definisjon på taleflytvansken stamming. Det er i samsvar med dette utsagnet frå Van Riper (1982:11).

*“Many very good minds have attempted definitions of stuttering, but the variability among them makes clear that this complex and variable disorder is hard to delimit.”*

ICD-10 som er i WHO si internasjonale klassifisering av sjukdommar og beslekta helseproblem seier fylgjande om stamming:

*“Talen kjennetegnes av hyppige gjentakelser eller forlengelse av lyder, stavelser eller ord, eller ved hyppig nøling eller pauser som avbryter den rytmiske talestrømmen. Diagnosen skal bare brukes viss forstyrrelsen er så alvorlig at den tydelig forstyrrer taleflyten.”* (Sosial- og helsedirektoratet 2007, pkt. F98.5).

Dette er ein definisjon som seier *noko* om stamminga sine kjennetegn, det ein mogleg ser eller høyrer. Etter mi meining er denne definisjonen ikkje omfattande nok til at den kan gje eit fullgodt svar på omgrepet stamming. Ein anna definisjon som har vore mykje brukt er frå Wingate 1964:

*“(a)Disruption in the fluency of verbal expression, which is (b) characterized by involuntary, audible or silent, repetitions or prolongations in the utterance of short speech elements, namely: sounds, syllables, and words of one syllable. The disruptions (c) usually occur frequently or are marked in character, and (d) are not readily controllable.”* (Wingate 1964, sitert i Packman og Attanasio 2004:57).

Wingate sin definisjon frå 1964 seier óg *noko* om kva som kjennetegner stamming.

Guitar byggjer sin definisjon bla. på Wingate sin, men utvider den med sine særtrekk og tydingar (Guitar 1998). Vel å bruke Guitar sin definisjon om omgrepet stamming,



fordi eg meiner den dekkjer ein meir heilskapleg syn på taleflytvansken stamming. Den seier noko om stamminga si form og vidare om det emosjonelle , fysiske og psykiske aspekta ved stamming:

*”Stuttering is characterized by an abnormally high frequency or duration of stoppages in the forward flow of speech. These stoppages usually take the form of (a) repetitions of sounds, syllables, or one-syllable words, (b) prolongations of sounds, or (c) ”blocks” of airflow or voicing in speech. Individuals who stutter are usually aware of their stuttering and are often embarrassed by it. Moreover, they often use excessive physical and mental effort to speak.” (Guitar 1998:10).*

### **2.1.2 Ulike komponentar ved stamming**

Kjernestamming (core behaviors), sekundæratferd (secondary behaviors) og kjenslemessige eller emosjonelle (feelings and attitudes) er tre ulike komponentar eller dimensjonar ved stamming (Guitar 2006). Desse komponentane syner ulike delar over kva som ligg i stamminga sin natur og korleis dei arter seg. Vel vidare å utdjupe desse omgrepa i rekkefylgja som over.

#### **Kjerneatferd**

Omgrepet kjerneatferd skildrer taleatferden som opptrer i stamming, desse er; repetisjonar, forlenging og blokkering (Van Riper 1982). Desse punkta i kjerneatferden er taleatferd som opptrer ufrivillig hjå den som stammer, utan at den kan viljestyrast. Hjå born som er i ein startfase av byrjande stamming er repetisjonar den kjerneatferd som er mest typisk. Repetisjonar viser seg ved at bornet gjentar lydar, stavingar eller einstavingsord før dei meistrer å uttale ordet ferdig. Forlenging av lyd i uttale av ord er óg ein taleatferd som kan opptre hjå born når det har byrja å stamme (Guitar 2006). Forlenging av lyd i ord opptrer vanlegvis seinare i forløpet hjå bornet enn kva repetisjonar gjer (Van Riper 1982). Den siste kjerneatferden er vanlegvis blokkering. Blokkering har den atferd at det kan bli stopp i pust eller stemme når

bornet skal tale. Kor lenge kjerneatferden varer hjå mennesker som stammer vil vere individuelt (Guitar 2006).

## **Sekundæratferd**

Mennesker som stammer vil søke å unngå å stamme, dette kan lede til atferd der dei prøver å unngå sin kjerneatferd. Sekundæratferd er den atferd ein person som stammer gjer for å unngå å stamme. Dette kaller flukt- og unngåingsstrategiar (escape behavior and avoidance behavior). Denne atferd kan til dømes vere å unngå eller bytte om på ord og setningar, unngå lyd eller ord ein er redd for å stamme på eller unngå ulike situasjonar eller personar (Guitar 2006). Anna sekundæratferd som kan forekomme er til dømes, nøle unaturleg lenge, ansiktsgrimaser, riste på hovudet, blinke med augene eller veive med armen. Etter kvart som bornet vert eldre er det risiko for at sekundæratferden kan verte meir uttala. Ulike unngåingsstrategiar har på lang sikt ein ødeleggjande effekt på menneskjer som stammer og kan føre at det sosiale liv og den personlege veksten vert alvorleg hemma (Craig 2005).

## **Kjenslemessige reaksjonar**

Den tredje komponenten ved stamming er kjenslemessige eller emosjonelle reaksjonar. Kjensler og haldningar hjå ein person som stammer kan ha like stor utslagskraft på stamminga som dei meir synlege og høyrbare sidene ved stamming. Kjensler som blant anna frustrasjon, skam, skyld og sinne knytt til stamminga kan forekomme. Når eit born er i ein byrjande fase av stammeutvikling snakker det gjerne utan å vere medviten sine kjensler når det stammer. Etter kvart som stamming auker i intensitet, og bornet opplever meir kamp og strev knytt til det å snakke, oppstår det negative kjensler i samband med det å stamme når det snakker (Guitar 2006). Når hendingar gjentar seg gong på gong, anten på godt eller vondt, er dette ei erfaring ein tar med seg i livet. Eit menneske som stammer kan utvikle ei tru og oppfatning om seg sjølv at dei ikkje kan snakke, gjennom dei erfaringar dei får (Guitar 2006).

*"Both as children and adults, persistent stutterers are victimized by a proliferation of morbid beliefs."* (Bloodstein 1997).

Etter kvart kan ein sei at det vert ein vekselverknad mellom det å snakke og kjensler knytt til det å snakke som eskalerer negativt for ein person som stammer. Når eit born medviten prøver å unngå å eit ord eller situasjon fordi det trur det kjem til å stamme har det oppstått ein vond sirkel som er vanskeleg å komme seg ut av. Bornet får angst for å stamme når det snakkar og kjemper ein kamp for å unngå å stamme i ulike situasjonar. Denne vonde sirkelen gjer at bornet har utvikla angst *for* angsten å stamme, og bornet blir no styrt av stamma (Hansen 1986).

Bornet kan vidare utvikle ein motvilje mot den det skal snakke med, fordi bornet opplever reaksjonar frå andre på sin tale, dei kan få ei tru og haldning om at andre mennesker ser på dei som dumme eller nervøse (Guitar 2006). Desse haldningane som dei har til seg sjølv er kjensler som dei har erverva etter lang erfaring med negative hendingar knytt til det å stamme. Forholdet mellom holdningar og kjensler i kommunikasjon hjå born som stammer har vorte forska på av Vanryckeghem m.fl. Undersøkinga gjaldt skuleborn mellom alderen 7 og 13 år, og resultatet synte at det var eit samband mellom negative holdningar og kjensler hjå born som stammer. I tillegg auka negative holdningar og kjensler hjå borna etter kvart som dei vart eldre og stammevanskane auka (Vanryckeghem m.fl. 2001).

Stamming er ein kompleks og samansett vanske. Ei samansetning av det ein ser og høyrer av stamma kan ein sei finn seg over overflata ("on the surface") og det ein ikkje, i form av kjensler, ser som skjuler under overflata ("below the surface") (Manning 1999). Det er av stor tyding at personar som stammer får snakke om sine kjensler i samband med stamma. Ein mykje brukt modell for å illustrere kva som er den hørbare delen av stamma og kva som er den meir skjulte, er Sheehan sin isberg-analogi (Lees 2005). Modellen illustrerer eit isfjell, og den delen av isfjellet som ligg over vannflata er den hørbare delen av stamma, medan den delen av isfjellet som ligg under vannflata er den meir skjulte delen, det ein ikkje ser eller høyrer, altså kjensler og holdningar. Modellen har blitt kritisert fordi den kan seiast å vere for enkel. For enkel i den tyding at menneskjer som stammer er like ulike som

menneskjer som ikkje stammer, alle menneskjer kan frå tid til anna ha ulike vanskar i livet som i større eller mindre grad er synlege eller skjulte. Alm (1995) hevder at isberg-analogien kan vere misledande, på grunn av at rundt 9 prosent av eit verkeleg isfjell er det som er synleg, medan 91 prosent ligg under overflata. Det vil dermed sei at dei vanskane ein ikkje ser eller høyrer er rundt 10 gonger så store som dei vanskane som er over vannflata. I tillegg hevder Alm (1995) at ein kan ikkje ”smelte” vekk heile stamminga kun ved å arbeide med den skjulte stamminga.

### **2.1.3 Forekomst av stamming**

#### **Tidspunkt når eit born byrjer å stamme**

Det er vanleg at stamming gjennom eit menneske sitt liv ikkje held seg uforandra. Hjø det bornet der stamming varer ved, vil det skje ei utvikling av stamminga. Som regel er kroppsleg strev og mange emosjonelle reaksjonar ein del av denne utviklinga i stamminga (Preus 1995).

*”Children who are just beginning to stutter may not seem bothered or aware of it, but they often show signs of physical tension and increased speech rate, which suggest they are reacting, at least minimally, to their speech difficulty.” (Guitar 1998:11)*

2-5 år er alderen born har i hovudsak når stamming opptrer for fyrste gong sjølv om ein òg finn døme der stamminga kan opptre heilt fram til born er i pubertetsalder. Ein av faktorane som mogleg verker inn kan vere at språkutviklinga i denne alder er ekspansiv (Guitar 2006). Det finst ikkje noko fastlagt mønster for korleis stamminga opptrer ved oppstart. For nokre born varer stamminga ved oppstart i nokre dagar eller veker, den kan vedvare eller opphøre. Sporadisk og utan fastlagt rute kan ein mogleg i denne samanheng sei stamminga er. Det er stort sett frå foreldre ein får informasjon om bornet si oppstart av stamming (Guitar 2006).

## **Stamming og kjønn**

Det viser seg at det er fleire gutar enn jenter som stammer, så det kan seiast å vere ei skeiv kjønnsfordeling når det gjeldt stamming. Ulike undersøkingar syner ulike resultat (Preus 1995). Ei undersøking framstilt av Bloodstein (1995) synte at forekomst av stamming hadde ei overvekt av gutar i forhold til jenter, ved tidleg skulealder eit forholdstal på 3:1, deretter synte forholdstala å auke i forekomst blant gutar i skulealder (Guitar 2006).

## **Prevalens**

Ordet prevalens indikerer omfanget av ein vanske, i dette tilfelle stamming og kor mange mennesker i ein gitt popuasjon som for øyeblikket stammer (Guitar 2006, Preus 1995). Prevalens på noko over 1% for born og eit gjennomsnittleg 0,7 % for vaksne er tala som regel brukt, då ein finn at stamming kan virke å avta noko med alder (Preus 1995).

## **Insidens**

Insidens fortel om antalet personar pr. hundre eller tusen som har stamma ein gong i livet (Guitar 2006, Preus 1995). Insidens ved side med prevalens kan ikkje målast eksakt mellom anna av di ulike studier som er gjennomført har hatt ulike forutsetningar og mål, og dei har vist ein variasjon i insidens (Guitar 2006). Andrews m.fl. (1983) rapporterte om ein insidens på 5% i ein studie dei gjennomførte, det same resultat viser seg óg i ei undersøking framstilt av Månson (2000) (Guitar 2006).

## Opphøyr og vedvaring av stamming

Mange born som byrjer å stamme vil oppleve at stamminga opphøyrer utan dei har fått behandling for stamminga (Guitar 2006). Hjø mange som 80 % av born opphøyrer stamminga spontant, det vil sei at for 20% av borna vil stamminga vedvare. Ved at så mange born opphøyrer å stamme spontant og av seg sjølv, så har det for mange born ført til at dei ikkje har mottatt stammebehandling (Christmann og Knudsen 1991). Di nærare mot oppstarten eller byrjinga av stamminga ein sèt igong med tiltak, di større er sjansen for at stamminga til bornet vil gå over (Guitar 1998).

*”Ut frå den viden, der er tilgængelig idag, ved man altså, at der skal gribes ind så tidlig som mulig. Man må ikkje vente og set iden an!”* (Christmann og Knudsen 1991:46).

Når ein veit kor stor tyding tidleg intervensjon har for om stamminga vil opphøyre eller vedvare er det viktig å kome raskt igong med stammebehandling. Ei ”vent-og sjå” holdning er ikkje lett å forsvare, sjølv om forsvaret for å vente med stammebehandling er at 80 % av borna spontant opphøyrer å stamme. Det er framleis 20 % som vil vedvare å stamme, og det kan ein sei er 20 % for mange. I tillegg er det dei borna der stamminga vedvarer som vil lide, av di dei ikkje fekk stammebehandling grunna ei ”vent- og sjå” holdning (Christman og Knudsen 1991).

### 2.1.4 Årsaksforklaringar

Stamming er noko som rammer eit menneske personleg, sosialt og i kommunikasjon med sine medmennesker (Van Riper 1982). Årsaker til stamming er framleis eit mysterium, og heilskapen i bilete for å forstå og forklare stamming vert samanlikna med bitane i eit puslespel der mange biter er på plass, men som enno ikkje er lagt ferdig (Guitar 2006). Ei enkel forklaring på stamming eksisterer enno ikkje, ein finn ulike tilnærmingar for å skildre årsaker. I ein multifaktoriell modell tilnærmar ein seg stamming ikkje berre ved å sjå på ein enkel faktor, men på mange ulike faktorar. Miljømessige faktorar rundt bornet fungerer i ein vekselverknad eller interaksjon med faktorar i bornet sjølv. Det føregår óg ein vekselverknad mellom faktorane i bornet

sjølv, som er genetiske, emosjonelle, kognitive og språklege (Packman og Attanasio 2004a). Eg vel vidare å gje ei kort utgreiing om nokre årsakar.

Tidlegare var ein ikkje samde om stamming var noko som oppsto av påverknad frå familien eller om det var frå arv. I no-tid er ein samd om at arv spelar inn, men at arv aleine kan ikkje forklare alt (Guitar 2006). Undersøkingar av familiar gjennomført av Ambrose, Yairi og Cox (1993) syner at born som stammer, både jenter og gutar hadde slektningar som stamma. Eit anna funn i den same undersøkinga var at for dei borna der stamminga opphøyrt hadde slektningar som òg hadde slutta å stamma. Hjå dei borna stamminga vedvarte hadde dei slektningar der stamming òg hadde vedvart i vaksen alder(Guitar 2006).

Språklege og kommunikative faktorar i miljøa rundt bornet vil kunne ha innverknad på bornet si stamming. Viss eit born er disponert for stamming kan det ha ein uheldig påverknad på stamminga viss foreldre eller andre rundt det snakkar fort. Korleis born oppfattar sin kommunikasjonspartnare kan òg ha innverknad på taleflyten. Kamp om å kome til ordet, verbale eller non-verbale negative reaksjonar på stamminga, avbrytingar eller at dei opplever å miste merksemda til lyttar kan ha negativ effekt på stamming til bornet. I tillegg kan endringar av rutinar til dømes flytting, skilsmisse, byte av skule eller lignande ha negativ effekt på stamming til bornet (Guitar 2006).

### **”Krav- og kapasitetsmodellen”**

”Krav- og kapasitetsmodellen” (capacities and demands) er brukt som ein modell for å vise at stamming opptrer når forventningane og krava til eit born er større enn deira sin kapasitet for å produsere taleflyt (Packman og Attanasio 2004). Bornet sin kapasitet for taleflyt har fire hovudkategoriar, desse er motorisk kontroll, sosial-emosjonell modning, språklege og kognitive evner. Krav til taleflyt finst i bornet sjølv eller frå omgjevnadane, i form av til dømes tidspress eller hurtig tale. Når det vert eit gap mellom krav og kapasitet til taleflyt oppstår det stamming hjå bornet (Starkweather m.fl. 1990). Dette er noko Siegel (2000) stiller seg litt kritisk til, han

hevder at ein umogleg kan måle kapasitet, og at ein i røynda heller måler bornet si utføring av yteevne (performance). Videre hevdes det då at det hadde vore betre at modellen til Starkweather hadde fått nytt namn; ”the demands and performance” modellen (Lees 2005b). Sjølv om det skjer endringar i synet på ovanfornevnte modell vil ein anta at den er eit nyttig verkty for vurdering av born si stamming, og at den kan fungere saman med ein multifaktoriell modell.

### **2.1.5 Ulike nivå av stamminga si utvikling**

Guitar (1998) deler stamminga si utvikling inn i nivå. Desse er normal ikkje-flyt (1,6-5 år), grensestamming (1,6-5 år), byrjande stamming (2-8 år), overgangstamming (6-13 år) og avansert stamming (frå 14 år og oppover). Dei ulike nivåa må tolkast som veiledande. Ein kan ikkje kategorisk plassere dei som stammer inn i dei ulike nivåa, av den grunn at det ikkje vil passe for alle og fordi personar som stammer mogleg vil bevege seg mellom dei ulike nivåa. Sjølv om det ut til å vere mange likskapar for korleis stamming utviklar seg, fins det inga generell akseptert måte å dele inn nivåa på (Bloodstein 1995). Sjølv om ein ser på desse nivåa som ei generell inndeling for utviklinga av stamming, meiner eg dei kan vere nyttige som ein oversikt og vel å ta dei med.

#### **Normal ikkje-flyt (1,6-5 år)**

Normal ikkje-flyt er det same som småbornsstotring. I denne alderen er det vanleg å ha brot i talen, det er ein del av språklege utvikling for småborn. Borna har få brot i talen, og dei er ikkje merksame på desse brota i talen sjølv.



### **Grensestamming (1,6-5 år)**

Eit born med grensestamming har fleire brot i talen enn born med normal småbornsstotring. Borna er i faresona for å utvikle stamming og har meir enn 10 brot per 100 ord (Guitar 1998). Taleflytbrotta er som regel lette i si form. Born på dette nivå er lite medviten kring eigen tale og har sjeldan negative kjensler knytt til den (Bloodstein 1995).

### **Byrjande stamming (2-8 år)**

Bornet har her utvikla eit gryande medvit omkring eigne taleflytbrot, men har sjeldan sterke negative kjensler knytt til dette. Repetisjonar og forlenging er dei mest vanleg brota i taleflyten. Stamminga kan vere prega av meir spenningar og press enn ved grensestamming, og det grunn til å vere på vakt når bornet uttrykker frustrasjon over eigen tale. Bornet har på dette nivå utvikla noko fluktatferd, sjølv om dette oftare vert sett hjå born med overgangsstamming (Guitar 1998).

### **Overgangsstamming (6-13 år)**

Eit born på dette nivået finn seg på borne- eller ungdomstrinnet. Kjernestamminga kan innehalde staving- og ordrepetisjonar, forlenging og blokkering. Blokkering i talen er ofte meir framtrudande på dette nivå, og talen kan vere prega av press og strev. Negative taleopplevningar har gjort at personen har utvikla frykt for å stamme og frykt for andre si reaksjon på stamminga. På dette nivået har ein som stammer ofte utvikla meir omfattande sekundæratferd, kor unngåingsstrategiar óg kjem inn i bilete (Guitar 1998).

## **Avansert stamming (14 år og oppover)**

Det siste nivået i stammeutvikling omfatter eldre ungdom og voksne.

Kjernestamminga domineres av lengre og hardare blokkeringar, men kan óg omfatte repetisjonar og forlengingar i taleatferden. Sterke negative kjensler kan vere knytt til stamminga. Sjølvbilete kan bere preg av oppfatninga av seg sjølv som ein som stammer, ein har fått ein identitet som ein person som stammer. Flukt- og unngåingsstrategiar er sterkt til stades på dette nivå, og har for dei fleste auka i omfang. Mange mennesker med avansert stamming bruker mykje energi på å kontrollere sinne omgivelser, slik at dei kan unngå situasjonar kor stamming er forventa (Guitar 1998). På dette nivået har den som stammer ein lang stammehistorikk, og mykje atferd er overlært og kan vere vanskeleg å endre. Dei emosjonelle aspektet ved stamming kan óg i aukande grad ha gjort stamminga til eit personleg problem (Bloodstein 1995).

### **2.1.6 Born i skulealder som stammer**

Eg velger i dette avsnittet å ta med litt av kva som kan kjennetegne born i skulealder som stammer. Av den grunn at fokus i denne oppgåva er foreldre som har born i skulealder som stammer.

Dei fleste born som stammer i skulealder har vanlegvis byrja å stamma i yngre alder, som førskuleborn. Når eit born byrjar å stamme er det ofte vekslande periodar mellom stamming og flytande tale, og det vil framleis vere vekslande periodar sjølv om stamminga aukar i intensitet (Hansen 1986, Guitar 2006). I tillegg har gjerne born i skulealder byrja å få eit sjølvbilete og identitet som ein person som stammer.

*“School-aged children who stutters are no longer beginning to stutter, but by this time have had some experience of stuttering and of reactions to stuttering. In response to this they may have developed avoidance behaviours, fears of speaking and a self-concept of being someone who stutters.” (Lees 2005a:20).*

Når born som stammer har nådd skulealder er det mindre sannsynleg at stamminga vil opphøre enn når born er i førskulealder (Guitar 2006). Born som stammer som er i skulealder er like ulike som alle andre menneskjer, det ein kan sei dei har til felles er at dei stammer. Dei finn seg i ulike oppvekstvilkår og miljø, har ulike foreldre og personligdom og temperament deira er mangearta (Hansen 1986).

*“Until recently, it was common practice to refer to people who stutter as ‘stutterers’. However, many people prefer not to be labeled “a stutterer” and want to be called “people who stutter”. They feel, and rightly so, that stuttering is only a small part of who they are. They are people, each with a galaxy of characteristics, one of which happens to be that they stutter.” (Guitar 2006:4).*

Ulike faktorar som bornet både har rundt seg og i seg sjølv vil vere med å forme dei som mennesker på godt og vondt, uansett om dei stammer. Korleis eit born som stammer ser og opplever seg sjølv vil vere individuelt. Eit born vil kanskje ikkje la seg affisere av stamminga i det heile, dei opplever ikkje det å stamme som noko hinder og dei kjenner ikkje på det som noko problem. Medan andre born opplever stamminga som noko som styrer heile deira tilvære (Alm 1995). Dei sistnemnte vil kanskje gjere mykje for å skjule stamminga si, ved å unnvike personar eller situasjonar dei opplever som vanskelige, formulere om ord eller bytte ut ord dei er sikre på at dei kjem til å stamme på med andre ord. Sekundæratferd som det å blinke, nikke med hovudet, gjere grimasar eller liknande kan ha vorte ein del av taleatferden desse borna har for å ”få fram” det dei vil uttrykkje (Guitar 2006).

Etter kvart som born blir eldre er det naturleg at dei frigjer seg meir frå foreldre, og dei søker meir mot andre jamnaldrande. Store delar av tida deira oppheld dei seg óg på skulen og driv mogleg med fritidsaktivitetar eller hobbyar. Ved at born ferdes i andre miljø vil dei vere med å påvirke mennesker og andre vil påvirke dei.

*“Like all school children, they are developing independence from their parents and becoming increasingly influenced by their peer group, particularly in relation to their social and emotional functioning. They will be influenced by what is happening in the home, in school and with their peers, so that their behaviour, including speech behaviour, will show considerable variability.” (Lees 2005a:20).*

Økte krav til kommunikasjon både på skulen og på fritida kan gjere det lett å falle utenfor for ein som stammer. I tillegg kan stamma hindre born å finne og oppretthalde gode relasjonar og venskap i ulike sosiale grupper (Van Riper 1982). Andre menneskjer si fokus på stamma gjer at dei vert meir medviten si eiga stamma, og stamma som ein heilskap kan verte forverra. Born i skulealder er óg mogleg meir utsatt for mobbing og ufine kommentarer på grunn av si stamma (Van Riper (1973). Ulike sosiale forhold i grupper mellom skuleborn som stammer og deira medelevar er forska på av Davis m.fl. (2002). Fokuset var å finne ut om born som stammer vart meir mobba enn sine medelevar og om den sosiale status i ulike grupper hjå born som stammer. Seksten born som stamma (og dei sine medelevar), frå ulike klasser og med gjennomsnittleg alder elleve år deltok. Resultatet synte at born som stammer vart i større grad avvist av sine jamnaldrende og at dei var meir utsett for mobbing enn sine medelevar (Davis m.fl. 2002).

## 2.2 STAMMEBEHANDLING

### 2.2.1 Kort historikk

Stamming kan seiast å vera eit ”gamalt” problem som har vore omtala i svært tidlege tider i historia (Guitar 2006). Ein slik påstand kan ein hevda blant anna ved at stamming er funne omtala på ei leirtavle frå Mesopotamia som er datert århundre før vår tidsregning. I Kina er stamming omtale i eit dikt som er over 2500 år gammalt.

Kjente namn i vår historie som Moses og Demosthenes er òg kjent for å ha stamma.

Frå tusenårige gamle kjelder har det gjennom århundra vore framstilt mange ulike tilnærmingar til årsaker og behandling både av fysiske og psykiske grunner.

Mennesker som har stamma har gjennom tidene vore utsatt for ei brutal handtering og eksperimentering kan ein vel sei, nevner her blant anna tygging av stein, kirurgiske inngrep i taleorgan og syn på at det var psykiske lidningar som skuldast at dei stamma.

Desse ulike tilnærmingane har vore av svært ulike karakter får ein hevde, men dei har likevel vore med å bidra til vår tid sine stammeteoriar (Preus 1987).

### 2.2.2 Omgrepsavklaring – stammebehandling

Det finst ulike retningar innanfor stamming og oppfatningar av kva stamming er, ulike fagfelt har ulike syn på kva stamming skuldast, korleis den startar, og òg ulike retningar innan korleis ein skal handtera stamming, altså stammebehandling. Kva inneber so stammebehandling? Eg vel å nytta Preus (1987) sin definisjon:

*”Med stammebehandling mener vi ethvert tiltak av faglig art som kan iverksettes for å fjerne, redusere eller modifisere stamming. Vi tenker også på tiltak der en på mer indirekte måter forsøker å nå disse målene, for eksempel rådgivingstiltak med sikte på å endre på forhold som synes å bidra til stamming hos mindre barn. Stammebehandling omfatter både medisinsk behandling, psykoterapi, adferdsmodifikasjon og ren pedagogisk øvingsbehandling gjennom taleøvelser. Både terapi, rådgivning og taleundervisning er innbefattet i begrepet stammebehandling. (Preus 1987:99).*

Ikkje alle som stammer opplever eit behov for behandling. Men for nokon blir stamminga eit stort problem og kan virka hemmande for kommunikasjon og sosial

tilpassing, og behandling kan bli aktuelt (Preus 1987). Det fins ingen fasit på korleis stamming skal behandlast, og mange ulike metodar har vore prøvd opp gjennom tidene. Val av behandlingstilnærming vert påverka blant anna av teoretisk forankring, og kva for årsaksforklaringar ein støtter seg til (Guitar 1998).

### **2.2.3 Retningar innan stammebehandling**

Innan området for logopedi har stammebehandling lenge vore dominert av to hovudretningar, desse er flytforming og stammemodifisering. Flytforming tar sikte på å endre heile talemønsteret og oppnå flytande tale, medan stammemodifikasjon har fokus på å arbeida med negative emosjonar, og gjera øyeblikka av stamming lettare (Guitar 1998).

Stamming er ein komplisert vanske med mange ulike måtar for tilnærming, av den grunn at ingen årsak aleine kan forklare stamming. Ei integrert tilnærming til behandling, kor ulike element frå hovudretningane kombinerast er den måten det er mest vanleg å arbeide med. I ein integrert tilnærming kombineres aspekt frå både flytforming og stammemodifikasjon. Her vert det lagt vekt på å redusere negative kjensler og haldningar, samtidig som klienten kan lære både flytfremmande og stammemodifiserende teknikkar (Guitar 2006).

Det er nærliggjande å anta at ei integrert tilnæringsform best imøtekjem stammeproblematikken sin kompleksitet.

### **2.2.4 Foreldregrupper innan stammebehandling**

Det kan vere vanskeleg å vite akkurat tidspunkt når stamminga byrjer hjå eit born, fordi at utviklinga av stamminga kan opptre gradvis. Foreldre er vanlegvis dei første som merker at bornet deira er byrja å stamme. Det varierer om foreldre raskt oppsøker hjelp frå logoped eller hjå andre fagfolk, grunnen til det kan vere at dei ikkje legg merke til stamminga med ein gong viss den opptrer gradvis (Packman og Attanasio

2004). Foreldre er i tillegg ulike som personar, nokon verker ikkje å la seg påvirke av stamming til bornet, medan andre opplever den som svært vanskeleg og er veldig kjenslemessig berørt av stamming til bornet (Christmann og Knudsen 1991).

Tydinga av at foreldre er sterkt inkludert i bornet si stammebehandling kan ein ikkje underkjenne, fordi den kunnskap foreldre har om sitt born vil vere avgjerande for bl.a. kva innhald stammebehandlinga skal ha og logopeden kan på den måte få viktig og nyttig informasjon om bornet generelt. At foreldre vert implementert i bornet si stammebehandling kan gjere at dei får ei bedre forståing av stamming og det kan óg gjere at resultatet av stammebehandling vert bedre, noko sitatet under understreker:

*”It is crucial to the success of treatment that parents understand and participate in the therapy process.” (Gregory og Gregory 1999:60).*

Når foreldre kjem til første møte med logoped har dei ofte svært mange spørsmål og undrar seg om bornet kan verte kvitt stamminga. Foreldre har mogleg forventningar om at logoped kan få stamminga til å forsvinne. Ei slik forventning har sannsynleg samanheng med eit medisinsk syn, at stamminga vert sett på som ein sjukdom eller plage (Preus 1995). Det er av tyding for stammebehandling viss foreldre har forventningar om at dei kjem til ekspertar som kan og veit alt om stamming at logoped klargjer for foreldre at dei sjølv er dei som kjenner sine born best. At foreldre sjølv har evne til å løyse problem, og at det er dei som kjenner sine born best (Hansen 1986). Foreldre er mogleg stressa over kva som har ført til at bornet har byrja å stamma, om det er noko dei som foreldre har gjort for at bornet stammer. Bekymringar og skuldkjensle kan vere kjensler som er sterkt rådande hjå foreldre. Det er då av stor tyding at logopeden hjelper foreldre å handtere desse kjenslene, ved å forsikre dei om at dei ikkje har skuld i bornet si stamming og at dei er viktige samarbeidspartnara (Lees 2005a).

Når logoped innhentar informasjon frå foreldre for å kunne gjere ei vidare vurdering av bornet si stammebehandling, må logoped få vite noko om bornet si utvikling, korleis bornet fungerer både heime og på skulen, kommunikasjonsmønstre i heimen, skildringar av stamminga sitt forløp og korleis stamminga oppleves per dags dato, det

er òg av tydinga at foreldre får vite noko om si rolle i stammebehandlinga (Guitar 2006, Mallard 1991).

*”This way of thinking enables us to help not only our clients, but also their families. It helps families listen beyond the sounds of stuttering to the thoughts and feelings their children are communicating. It helps them view disfluencies in perspective, as only a small part of the whole child.” (Guitar 2006:4).*

Det er av stor tyding at for samarbeidet at foreldre får noko informasjon om bornet si stamming, stamminga generelt og kva dei som foreldre kan gjere heime. Foreldre ynskjer det beste for sine born, men veit ikkje korleis dei best mogleg kan hjelpe. Det er viktig at dei får med seg nokre ”verktøy” frå logopeden ellers kan dei kjenne seg svikta. Og det er ingen betre måte å lette på skuldkjensla hjå foreldre enn at dei opplever at dei er involvert i stammebehandlinga for bornet (Dell 1990). Det er viktig i eit samarbeid mellom foreldre og logoped at det oppstår ein dialog, slik at ein sikrar at foreldre har fått ei forståing om kva som er logopedens si hensikt med informasjonen som vert delt. Dette er noko ein må arbeida kontinuerleg med og det må gjentakast, for skuldkjensle og det å gjere endringar kan vere ein mur for forståing (Hansen 1986).

Det er viktig at logopeden søker å få eit representativt bilete av bornet og stamminga. I ein oppstartsfasen, før ein er vorte godt kjent med bornet er det ikkje alltid lett å vite om bornet har ein god eller dårlig dag. Å danne seg eit realistisk bilete er ein kontinuerleg prosess som skal føregå gjennom heile kontakten med bornet, dette for best mogleg kunne møte bornet sine behov og gje behandling som ivaretek sosiale, emosjonelle og utdanningsmessige aspekt. Det blir ein overlappingsperiode der logoped vert kjent med bornet og utfører behandling. (Roberta Lees 2005a).

Stamming er eit komplekst problem, og stammebehandling kan ikkje verte vellukka viss det føregår i ei isolert setting, som berre logoped og bornet som stammer. For at born skal få overført det dei lærer er det viktig at dei får overført det til andre miljø som dei dei ferdast i. Involvering og kontakt med foreldre kan ikkje berre vere av ein uregelmessig karakter. Det er av stor tyding at bornet sjølv, logoped, foreldre og lærare



deltar aktivt og arbeidar ilag som eit team for best mogleg kunne hjelpe bornet (Mallard 1991).

Etter kvart som born vert eldre er det naturleg at dei ønskje å frigjere seg meir frå foreldre, og det er i tillegg naturleg at det oppstår problem og utfordringar i ein familie i ei slik utbrytingstid. Sjølv om borna vert eldre sluttar ikkje foreldre å bekymre seg for sine born, i slike høve er det viktig å logoped prøver å forstå og setje seg inn i familiesituasjonen, slik at foreldre framleis kan involverast på ein god måte (Rustin m.fl. 1991).

### **2.2.5 Rett til hjelp**

Mange foreldre kan oppleve det vanskeleg å vite kva rettar dei har i forhold til bornet sine vanskar. Og foreldre må mogleg stå på og kjempe for dei rettar bornet har.

Opplæringslova kapittel §5-1(for skuleborn) og § 5-7 (for born under skulepliktig alder) er meint å sikre born sine rett til spesialpedagogisk hjelp, og eventuelt rett til hjelp frå logoped. Desse paragrafane i opplæringslova er òg knytt til forvaltningslova, som skal sikre at born får sin rett. Kommunen har ansvaret for å gje bornet den hjelp det treng for å imøtekomme sine vanskar (Opplæringslova og forskrifter 2006).

## 2.3 RÅDGJEVINGSTEORI

Det finst mange ulike teoretiske modellar ein kan støtte seg til som rådgjevar, eg vel her å ta utgangspunkt i den humanistiske rådgjevingstradisjon der Carl Rogers klientsentrerte terapi er representert. Vidare finst det òg ulike rådgjevingmodellar innan den humanistiske tradisjon, eg har valt å utdjupe Bronfenbrenner sin økologiske modell (Johannessen m.fl. 2001). I Bronfenbrenner sitt økologiske perspektiv råder det eit positivt menneskesyn. Eit individ utviklar seg i samspel mellom samfunnet og miljøet sine vilkår og på den andre sida gjennom arv, val og handlingar. Kirkebæk (1983) seier at i eit dynamisk menneskesyn der er individet ikkje berre eit objekt, men eit subjekt som sjølv kan styre sitt eige tilvære. I motsetnad til eit mekanisk og deterministisk menneskesyn der ting er bestemt på førehand, kan menneske her aktivt arbeida med si eiga røynd, og kan endre sin eigen situasjon og har høve til sjølv å påverke (Lauvås og Lauvås 2004).

### 2.3.1 Omgrepsavklaring – rådgjeving

*”I all rådgivning ligger det et ønske om å fremme bedring. Denne forbedringen innebærer en endring til noe som skal bli bedre for individet og systemet. Den kan være en ny praksis, et nytt perspektiv eller en ny livssituasjon.”* (Lassen 2002:47).

Johannessen m.fl. har eit ganske samanfallande syn på kva rådgjeving er:

*”Etter vår oppfatning kan man betrakte rådgivning, konsultasjon og veiledning som pedagogisk virksomhet der virksomheten er å sette de som søker hjelp, bedre i stand til å hjelpe seg selv, ikke bare i den aktuelle saken som de står oppe i, men også i andre, lignende situasjoner. Dette kan også forstås i relasjon til grupper og organisasjoner som innebærer arbeid på systemnivå.”* (Johannessen m.fl. 2001:15).

Rådgjeving kan sjåast på som eit overordna omgrep som fungerer som ein ”paraplybetegnelse”. Omgrepa veileding, terapi, konsultasjon, systemretta rådgjeving, innovasjon og undervisning kan einstillast med omgrepet rådgjeving. Ulikt hovudokus er det som skilja omgrep frå kvarandre (Johannessen m.fl. 2001). Vel vidare i denne delen av oppgåva å bruke omgrepa rådgjevar og rådsøkjjar.

### 2.3.2 Eigenskapar hjå rådgjevar

I arbeidet med mennesker anten det er som logoped eller i andre yrke, så er det av stor tyding at ein er medviten m.a. eige menneskesyn, verdiar og haldningar. Dette av di slike faktorar i ein sjølv vil påverke og farge korleis ein er i møte med sine medmennesker. Ein har eit personleg ansvar for å vere seg medviten og setje fokus på seg sjølv som rådgjevar når ein skal arbeide innan feltet.

Rådgjevar er sjølv eit verktøy i rådgjevingsarbeidet. Dette fordrar at rådgjevar har ein teoretisk innsikt i både mennesker og systemet si utvikling. I tillegg at ein meistrar kommunikative dugleikar og haldningar og at ein ser eigen kompetanse og faglege rolle (Lassen 2002). Som rådgjevar møter ein større krav til dugleik i kommunikative evner enn kva ein gjer i kvardagslege samtalar. Ein må difor ha ein yrkeskompetanse, som er ei samanfletting av relasjonskompetanse og handlingskompetanse.

Relasjonskompetanse handlar om å kunne setje seg inn i og kunne samhandle med rådsøkjjar på ein god og ivaretakande måte. Ein relasjonskompetent person ivaretek den overordna hensikten i relasjonen, ser og imøtekjem rådsøkjjar sine behov.

Handlingskompetanse er å inneha kunnskap og vere fagleg dyktig slik at dette kan vere til nytte for rådsøkjjar (Røkenes og Hansen 2002).

Uansett kva teoriar eller modellar ein bruker i arbeidet, så må det liggje nokre grunnleggjande haldningar i alt rådgjevingsarbeid. I grunnleggjande kommunikasjonsdugleik kan ein sei at der finst ein dobbel funksjon, det er to sider av same sak. For det fyrste kjem det til uttrykk ved korleis ein møter rådsøkjjar og den sin situasjon, og for det andre er det ein måte å formidla rådgjevar si grunnhaldning (Pettersen og Løkke 2004). Den amerikanske psykologen Carl Rogers har definert tre grunnleggjande haldningar som rådgjevar må ha for at rådgjevinga skal verte vellukka. Detter er at ein må vere kongruent, rådgjevar må visa autentisitet som tyder å kunne sjå rådsøkjjar sine problem slik dei verkeleg er utan å forneakta eller minska dei. Den andre haldninga er betingelseslaus positiv akting, altså å kunne vise respekt for rådsøkjjar ved å akseptere han/ho på ein ikkje-dømmende måte og verdsetje vedkommande for den han er. Den tredje haldninga er empati, der ein må søkje å ta

rådsøkjar sitt perspektiv og setje seg inn i denne sine erfaringar og opplevingar og handla ut i frå dei (Davis 1995). Andre sentrale dugleikar gjennom heile prosessen er å kunne vie sin heile og fulle merksemd til rådsøkjar, bruke eit godt verbalt- og non-verbalt språk; herunder blikkontakt, gje responsar ved t.d. å nikke, oppsumere undervegs, speile rådsøkjar utan å fungere som eit ekko og ikkje minst, vere ein aktiv lyttar (Lassen 2002).

### **2.3.3 Ein økologisk modell**

Som nemnt innleiingsvis i denne del av teorien, så vel eg å utdjupe litt om Bronfenbrenner sitt økologiske perspektiv og modell. I det økologiske perspektivet ser Bronfenbrenner på menneske og omgjevnadane i eit gjensidig samspel, ein dyade der det er ein vekselverknad i interaksjonen, og det er i dette møte at utvikling og sosialisering skjer. Det er eit komplekst system kor ein mengde komponentar bidrar til å fremme eller hemme utvikling. Ei eller fleire endringar i dei ulike komponentane i systemet kan ha innverknad på individet, familien, nærmiljøet og resultatet kan både verte positivt eller negativt (Inge Bø 2000).

Bronfenbrenner si oppfatning av miljøet er at det er ei rad av strukturar som heng saman, der kjernene i den eine òg utgjer kjernen i den andre. Det økologiske miljøet samanlikner han med kinesiske øskjer eller russiske babusjka-dokker, slik at det eine systemet finst inni det andre osv. (Inge Bø 2000). I sin økologiske modell bruker Bronfenbrenner fire sirklar som viser til heilskapen mellom individ og miljø. Desse sirklane er mikro-, meso-, ekso- og makrosystema.

*Mikrosystemet* er den innarste sirkelen i systemet. Dette er ulike arenaer kor individet sjølv er til stades, vert påverka og påverkar, dei ulik primærgruppene kan til dømes vere familien, på skulen, i barnehagen, venner og nærmiljøet. Gjennom desse relasjonane er det primært at samhandling, kjensleband, modellæring og rolletaking finn stad.

*Mesosystemet* er den neste sirkelen i systemet. Den viser til forholdet mellom to eller fleire mikrosystem der bornet deltek. Viss ein ser på eit born sitt mesosystem so kan typiske forhold vere mellom til dømes heimen og barnehagen eller skule, mellom familie og venner, mellom personar i nærmiljøet og heimen. Det som er felles for alle desse arenane at det at menneska møtes ”ansikt til ansikt”.

*Eksosystemet* . I denne sirkelen ferdes ikkje bornet personleg, men hendingar som skjer i ein eller fleire av arenane (”settings”) kan likevel påverke bornet indirekte. Døme på eksosystem kan vere foreldre sin arbeidsplass eller vener av foreldre som bornet ikkje møter. Opplevingar far eller mor har på til dømes arbeidsplassen i løpet av dagen kan verke inn på korleis dei utøvar foreldrerolla (Inge Bø 2000).

*Makrosystemet*. Dette er den fjerde og yttarste sirkelen. Her finn ein storsamfunnet sitt lovverk, verdiar og tradisjonar, økonomiske forhold, klassestrukturar osv. Ein kan sei at fibre frå dette systemet påverkar dei andre systema og dermed pregar samhandlinga og miljøa der (Bø 2000). Eit døme kan vere at kommunane får løyvd mindre midler til drift av barnehagar og skular, dette kan få innverknad på bruk av ressursar til for eksempel spesialpedagogar. For born som treng hjelp eller støtte, kan dette føre til at behova til bornet kanskje ikkje vert godt nok ivaretatt og dermed forringar det òg utviklinga til bornet.

*Tettleiken i nettverka*. Det er av stor tyding at det finst gode sambindingslinjer mellom dei ulike mikrosystema (nettverksklynger). Vidare må kvaliteten i forholdet mellom mesosystemet vere gode for at bornet skal vere sikra ein god vekst og utvikling. Bronfenbrenner hevder at gode sambindingslinjer mellom mesosystema kan vere av like stor tyding for bornet si utvikling og sosialisering som det som skjer innanfor kvart mikrosystem. At dei ulike arenane overlappar kvarandre kan gjer tryggleik og identitet for bornet, fordi det møter og erfarer mennesker i sine ulike miljø i ulike roller (Bø 2000). To døme på dette kan vere møte mellom foreldre og logoped, eller at lærar til bornet spelar fotball med far. Det er viktig å sjå på heilskapen i dei ulike miljøa, det som skjer i eit miljø vil påverke eit anna miljø og vice versa, altså er det ingen del som er isolert frå ein anna. Bronfenbrenner har tre punkt som han trekker

fram som essensen i det å skape gode band og eit velfungerande samarbeid mellom partane. Desse punkta er: ”1. Gjøre noe sammen (felles aktivitet), 2. få vite noe om hverandre/det andre miljøet (informasjon) og 3. snakke sammen (kommunikasjon).” (Bø 1988:22).

*Økologiske overgangar.* Born treng situasjonar og mennesker som er stabile og trygge for å sikre dei ein god oppvekst. ”En økologisk overgang finner sted når en persons posisjon i det økologiske miljø endres som resultat av den forandring i rolle, setting eller begge.” (Bø 2000:172). Kva skjer med born når situasjonar endrar seg og kva har det å seie for utviklinga deira? Det som skjer på ein arena i eit born sitt miljø vil direkte eller indirekte påverke dei. Faktorar i bornet sjølv vil spele inn her, korleis dei reagerer emosjonelt og kven som er involvert i prosessen. Overgangar kan verte ei påkjenning for bornet slik at det vert ei hindring for vekst og utikling, eller det kan skje det motsette at ei endring stimulerer til vekst (Bø 1988). Det finst fleire typar økologiske overgangar (Bø 2000). Den fylgjande er to-delt: 1. Daglege (”trivielle”) overgangar; der kvardagslege situasjonar som at bornet går ifrå heimen eller dreg på ulike fritidsaktivitetar. Dette er overgangar som skjer heile tida i løpet av dagen. 2. Meir varige (”dramatiske”) overgangar, dette er overgangar som har ei større og som regel ein meir alvorleg inngripnad i bornet sin verden. Døme på dette kan vere at bornet byrjer på skulen, familien flyttar, bornet får sysken eller foreldre vert skilt. Prosessane sitt innhald og korleis desse i samspel med miljøet vidareutviklar seg, kallar Bronfenbrenner utvikling. Dette gjeld fyrst og fremst individet sitt mikrosystem (Johannessen m.fl. 2001).

*Sosialt nettverk.* I sosialiseringprosessen ver det sosiale nettverk tillagt stor vekt i eit økologisk perspektiv. Ein kan dele nettverka inn i to grupper. Den første gruppa er det uformelle sosiale nettverket, som består av mennesker som er meir nære som til dømes familie, venner og naboar. Den andre gruppa er det formelle sosiale nettverket, som til dømes hjelpeapparatet rundt eit individ (Johannessen m.fl. 2001). Inge Bø (1989) seier dette om kva eit sosialt nettverk er: ”..det system av sosiale kontaktar enkeltpersoner, grupper eller institusjoner samhandler med eller på anna vis kommer i berøring med – hver for seg eller sammen.” (Johannessen m.fl. 2001:70). Eit sosialt nettverkskart kan

bidra og brukast til å analysere motsetnader og konflikhtar i eit nettverk. Ved bruk av eit nettverkskart kan ein få oversikt over personar og systema dei representerer, lage hypotesar og leggja opp handlingsstrategiar (Klefbeck og Ogden 1995).

### **2.3.4 Foreldresamarbeidet**

I eit samarbeid har det mykje å sei at partane som deltek kjenner seg likeverdige og har ei felles forståing av kva samarbeidet skal innehalda. I ein oppstartfase er det då viktig at ein avklara forventningar ein har til kvarandre og legg nokre rammer for samarbeidet. Kvifor er dette viktig? Og kva føringar legg det at ein har ein felles forståing av kva samarbeidet skal gå ut på? Kva forventningar og rolle foreldra eventuelt vil ha i samarbeidet kan ha årsaker i kva erfaringar dei sjølv har frå ulike arenaer. Viss foreldra møter ein rådgjevar som utgjer seg for å vera ekspert på problemet, vil det føre til at det ikkje vert noko samarbeid, foreldra vil kjenna på at dei er inkompetente (Davis 2000). Om foreldra til dømes har opplevingar frå den tid dei sjølv gjekk på skule der kanskje "ekspert-rolla" var meir framtrudande enn kva me ynskjer å ha i dag, er det mogleg at dei stiller med forventningar om at dei vil verta fortalt kva dei skal gjera, at det vert presentert ei løysing på problemet. Dette kan gjera at rolla til foreldra vert meir passiv enn ynskjeleg i samarbeidet og at dei unnlèt å stilla krav. Det vil då vera den som er rådgjevar som har eit ansvar for å visa at tilhøva har endra seg og at det er ynskjeleg med eit likeverdig forhold i samarbeidet (Drugli og Lichtwarck 1998).

Eit samarbeid kan ha ulike tidsaspekt, nokon samarbeid varer altså over lenger tid enn andre. Og partane i samarbeidet er unike individ som reagera ulikt og handtera situasjonar på kvar sin måte. Men dess meir ein har kontakt med kvarandre av større tyding må ein kunne seia at det er å utvikla gjensidig tillit. I eit samarbeid kan tillit verka som eit "lim" som gjer det mogleg å få ein god kommunikasjon ved dialog og samarbeid til trass for ulikskap. Om rådgjevar klara å få denne tillit hjå foreldra er

ikkje ei sjølvsgt hending, for me er ulike individ og ”kjemi” spelar inn her som i andre møte med ulike mennesker. Ein må gjera seg fortent til å få tillit, og grunnhaldning til rådgjevar som kjem til syne vil verke inn på utfallet av det (Drugli og Lichtwarck 1998).

I alt rådgevingsarbeid er det viktig at partane kjenner at dei vert høyrte. I foreldresamarbeid har det mykje å sei at dei kjenner at dei er ”eksperta” på eigne born, og at dette vert sterkt lagt vekt på i samarbeidet med fagfolk, fordi foreldra har kunnskap om bornet som ein treng for på best mogleg måte kunne hjelpe bornet. Familien er den primære arena til bornet, den som er viktigast for bornet. Det er familien som er primærgruppa til bornet og det er i familien dei nære kjenslemessige band er knytt. For bornet si utvikling og sosialisering er familien den fyrste påverknadskraft og den som har mest å seia (Askland og Sataøen:2000).

Skal eit born utvikla eit positivt sjølvbilet er det viktig at dei får anerkjenning frå foreldra. Bornet dannar kognitive bilete av seg sjølv og andre gjennom samspelet med foreldra, dette vil bornet føre med seg til seinare relasjonar både på godt og vondt (Drugli og Lichtwarck 1998). I kvardagen er det likevel slik at borna oppheld seg som oftast på andre arenaer stor deler av dagen, dette er arenear som til dømes barnehage, skule og sfo. Foreldre ynskjer det beste for borna sine, dei er det mest dyrebare dei har, men hektiske kvardagar og jobbsituasjonar kan gjera at dei opplever å ha konstant dårlig samvit for borna sine. Her det viktig at fagfolk ikkje ”nører opp under” og gir dei meir dårlig samvit, men støtter dei i deira rolle som kompetente gode foreldre og oppdragarar for borna sine.

Vel å avslutte med fylgjande sitat, då eg meiner det understrekar eit tydingsfullt poeng i alt samarbeid ein rådgjevar har med foreldre.

*”Av samtlige voksne i barns liv er det ingen som tilnærmedesvis betyr så mye for barnet som foreldrene – på godt og ondt. Det er derfor særlig viktig at deres egenskaper og roller som primære omsorgspersoner oppgraderes og styrkes.” (Bø 2000:334).*



# 3 FORSKINGSPROSESSEN

## 3.1 Val av tilnærming og metode

Denne delen av oppgåva inneheld korleis prosessen i undersøkinga har føregått. Val av tilnærming og metode er i denne undersøkinga gjort etter fylgjande problemstilling:

*Korleis opplever foreldre å ha eit born som stammer og korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?*

Denne problemstillinga har eg valt ut frå eit ynskje om å få eit innblikk i foreldre si erfaring om det å ha eit born som stammer i familien og erfaringar dei har med den logopediske behandling. Å ta nokon andre sitt perspektiv og gå nokre steg i ”andre sine skor” for å søkje og forstå eit fenomen vert omtala som livsverden (Dalen 2004). Det inneber korleis mennesker opplever og forhold seg til sin kvardag.

*”Et fenomenologisk perspektiv fokuserer på personens livsverden. Det er åpent for intervjupersonens erfaringer, fremhever presise beskrivelser, forsøker å se bort fra forhåndskunnskaper, og søker etter beskrivelsenes sentrale betydninger”*  
(Kvale 2001:40).

Så ved å lytte til informantane sine egne erfaringer vert det mogleg å innta eit fenomenologisk perspektiv. Eg ynskte vidare å få ei innsikt i foreldre sin livsverden gjennom litteraturstudier og ved å gjennomføre eit kvalitativt, semistrukturert intervju.

### 3.1.1 Utvalet

Det er av stor tyding å finne informantar som fyller kriterium når ein skal gjennomføre ei undersøking. Å foreta avgrensingar av utvalet tidleg i arbeidet har mykje å sei (Dalen 2004). For å kunne gjere eit teoretisk utval av informantar må ein gjere strategiske utval, det vil sei at dei informantar ein søkjer har kvalifikasjonar eller eigenskapar som er høvelege i forhold til problemstillinga (Thagaard 2003).

Eg har valt fylgjande kriterium for utvalet:

- Utvalet må vere foreldre som har born som stammer i skulealder (5. -10. klassetrinn ).
- Borna må ha hatt stammebehandling i minimum 1 år og dei må vere i stammebehandling per i dag.
- Antal informantar 4-6

Eg vel vidare å skildre prosessen med å få kontakt med informantane. Dette var ein periode som var fylt av både spenning og frustrasjon. I tillegg opplevde eg det som ein sær tydingsfull del av oppgåva av di: utan informantar – inga oppgåve!

Vegen for å finne informantar gjekk føre seg ved at eg tok kontakt med ulike PPT-kontor (Pedagogisk-psykologisk-tenestekontor) på Vestlandet per telefon. Eg opna med å presentere meg sjølv og min intensjon med henvendinga; som var om dei hadde logoped som dreiv stammebehandling. Ved eventuell kontakt med logoped gjorde eg førespurnad om den aktuelle informantgruppe. Viss dei hadde informantar som passa til kriteria, gjorde eg førespurnad om logoped kunne utføre ei henvending til foreldre om dei kunne tenke seg å delta som informant i mi oppgåve. Om logoped gjorde førespurnad til foreldre og fekk ja, vart det så sendt informasjonskriv og samtykkjeerklæring til foreldre, via logoped som sendte det vidare til foreldre. På denne måten skulle foreldre sin anonymitet verte sikra i denne fasen heilt til dei tok valet om å delta som informant i oppgåva ved å sende samtykkjeerklæringa til meg. På denne måten fekk logoped den óg ei rolle som ”portvakt”, det vil sei personar som har ein kontroll for om ein kjem i kontakt med dei informantane ein ynskjer (Dalen 2004).

Det vart mange telefonar til ulike PPT-kontor. Enkelte kontor hadde ikkje logoped, ein del logopedar hadde ikkje born som stamma og ein del hadde ikkje informantar i samsvar med kriteria eg hadde valt. Utkomme var til slutt ja frå seks familiar. Eg

mottok samtykkjeerklæring frå fire familiar. Eg sendte ut nye brev om førespurnad om delta til informantane, via logoped att. Eg mottok ikkje svar frå dei to familiare, dette er i samsvar med den retten informantar har, at dei kan trekkje seg frå undersøkinga på eit kva som helst tidspunkt.

## Det endelige utval

### Oversikt over informantene:

INFORMANT	FORELDRE	KJØNN	ALDER	KLASSE
Informant A	Mor	Gut	11 år	5. klasse
Informant B	Far	Gut	11 år	5. klasse
Informant C	Mor	Gut	11 år	5. klasse
Informant D	Mor	Gut	15 år	10. klasse
Informant E	Mor	Gut	12 år	7. klasse

Det endelige utval av informantar var fire familiar. Eit foreldrepar og tre mødre, så til saman vart det gjennomført fire intervju. Informantane hadde born i alder mellom 11 – 15 år, borna hadde hatt stammebehandling i meir enn eitt år og hadde det framleis. Alderen til informantane er frå 31-43 og dei var busett i fire ulike kommunar.

Eg meiner at vala for kriteria for undersøkinga er imøtekome ved at foreldre har born som stammer mellom 5.-10. klassetrinn, dei har vore i stammebehandling i over eitt år og mottek denne framleis og antal informantar er fem, men materialet er frå fire familiar.

### 3.1.2 Val av metode

For å kunne gjennomføre ei undersøking må ein nytta visse måtar og strategiar som forskingsmetode (Befring 2002). Ein metode kan seiast å vere den veg ein må gå for å nå sitt mål (Kvale 2001).

Eg har valt ein kvalitativ metode til denne undersøkinga. Dette for betre å få ei forståing av informantane sine erfaringar med det å ha born som stammer og foreldre si skildring av den logopediske behandling. Formålet med ein kvalitativ forskingsmetode er å få skildringar av informantane sin livsverden. At ein kan få ei forståing av dei fenomen som kjem fram som er knytt til mennesker og deira liv. Og at ein vidare kan tolke meiningane i fenomen som trer fram (Kvale 2001, Dalen 2004).

Skilnaden på kvalitativt og kvantitativ metode er blant anna eigenskapane ved dei data som vert henta inn og ved korleis data vert analysert. Kort fortalt karakteriserast kvantitative data ved at dei uttrykkjer ein type mengde eller tall (Grønmo 1996). Kvalitative data har ulike former for å hente inn informasjon, desse kan blant anna vere observasjon, skriftlege essaysvar, dagbøker, video- og lydopptak eller intervju. Ein skilnad er altså at ved kvalitative data arbeider ein meir med ord og ulike uttrykksformer, medan kvantitative data arbeider ein med talmateriale (Befring 2002).

Mykje av forskning innan området som gjeld stamming har det vore nytta ein kvantitativ tilnærming. Ein artikkel av Tetnowski og Damico drøfter blant anna fordelene av å nytte ein kvalitativ metode når ein skal undersøkje feltet stamming. All kommunikasjon mellom mennesker er kompleks og inneheld ein vekselverknad mellom mange ulike faktorar. Så for få fram dynamikken i samspel og kommunikasjon mellom mennesker meir naturleg kan ein kvalitativ tilnærming vere svært tenleg (Tetnowski og Damico 2001). Eg meiner at dette kan vere med å støtte opp under mitt val av å nytte ein kvalitativ metode i denne undersøkinga.

### 3.1.3 Semistrukturert forskingsintervju

For at mennesker skal kommunisere med kvarandre så samtaler me på ulike vis. Ein stiller spørsmål og får svar, det vert ein dialog der me lærer om kvarandre sine kjensler, drømmer, håp, korleis ein erfarer og opplever verden (Kvale 2001). Eit intervju er å dele sine synspunkt, der to eller fleire mennesker samtalar saman om eit felles tema. Eit kvalitativt intervju er nyttig for å innsikt i andre mennesker sine synspunkt (Dalen 2004). Vidare på må det liggje ei meining bak spørsmåla i eit intervju og det må ha ein viss struktur (Kvale 2001). Det finst ulike typar intervju. Det strukturerte intervju har ein form med meir lukka spørsmål, til dømes ja eller nei som alternativ. I eit semistrukturert intervju har ein på førehand utvikla ein intervjuguide som har ei form med tema og spørsmål. I tillegg kan ein ved eit semistrukturert intervju stille meir utdjupande spørsmål undervegs i intervjusituasjonen (Johnsen 2006). Eg har valt eit semistrukturert intervju som tilnærming for undersøkinga.

Intervjuguiden inneheld tema og forskingsspørsmål som eg meiner er med å svare på problemstillinga. Valgte å lage to intervjuguidar, ein til foreldre og ein som eg brukte sjølv. Det som var ulikt ved dei var at den eg brukte hadde ei kolonne som var open der eg eventuelt kunne notere undervegs, eg hadde òg nokre hjelpespørsmål eller stikkord viss ting ikkje kom naturleg fram i samtalen.

Etter å ha mottatt samtykkjeerklæring frå foreldre, tok eg kontakt over telefon for å avtale tid og stad for intervju. Eg valte å sendte ut intervjuguiden på førehand til informantane. Eg vurderte det til at eg ynskje at informantane skulle få sjanse til å sjå på intervjuguiden fyst. Grunnen til det var at opplevingar informantane har til tema mogleg ligg eit stykke bak i tid, då borna deira no er i skulealder. I tillegg kunne det vere ved at informantane hadde høve til å sjå på spørsmåla før gjennomføring av intervju at eg fekk fyldigare svar. Datamaterialet er det informantane deler med intervjuar, og ein ynskjer at det skal vere så rikt og fyldig som mogleg (Dalen 2004).

Ein fyldigare intervjuguide opplever eg òg er til hjelp i den kvalitative metode fordi ein arbeidar ofte over heile oppgåva heile tida, då er ein slik fyldigare intervjuguide eit reiskap eg opplevde at kunne få betre oversikt og hjelp til betre kunne tenkje

heilskapleg. Eit semistrukturert intervju kan vere krevande i den forstand at ein er avhengig av at informantane ynskjer å formidle seg om tema (Dalen 2004). Eg søkte å vere ein person som informantane ynskte å meddele seg til, ved å forklare mine val, til dømes at eg ynskte å notere underveg og at spørsmål mogleg vart repetert fordi eg fylgte intervjuguiden. Eg gjorde òg eit val om å opne intervjuet med opne spørsmålsformuleringar, dette for å få ein meir mjuk start på intervjuet og av den grunn at informantane ikkje skal oppleve at det er ein test om dei sin kunnskap om stamming (Dalen 2004). Dette fordi at eit intervju har form som ein samtale og i ein samtale utgjer eit felles engasjement i dialogen (Kvale 2001). Ein samtale har òg ein form at tema ikkje alltid fylgjer ein fast struktur, men ein går ”fram og tilbake” i tema. Eg opplevde at informantane reagerte positivt på dei val eg gjorde, mogleg er dette at eg prøvde å snakka om mine val undervegs og at dei fekk ei oppleving om val. Eg prøvde under intervjusituasjon å leggje vekk blyant/penn undervegs, dette for å få ei best mogleg interaksjon under intervjusituasjonen. Eg har òg så klart øvd meg og søker å kunne innhaldet i intervjuguiden så godt som mogleg på førehand.

Gjennomføring av intervju hadde ei lengde frå to og ein halv time til ein og ein halv time. Tre av intervju vart gjennomført heime hjå informantane og eit intervju på eit kontor hjå PPT. Eg var så klart spent på førehand både for å treffe informantane og for sjølve intervjusituasjonen. Eg gjorde meg nokre tankar på førehand om det intervjuet som skulle gjennomførast med ei mor på PPT sitt kontor. Tankane var om foreldre hadde dårlege opplevingar i samband med stammebehandling for barnet, og om det då ”sat noko i veggene” som kunne gjere at stemninga vart dårleg eller anspent under intervjuet. Eg hadde ikkje trengt å bekymre meg, eg vart svært godt mottatt, dette gjaldt òg for dei intervju som vart gjennomført heime hjå informantane.

I nokre av intervju kom det fram nokre overraskande moment som eg ikkje var førebudd på, det var at foreldre stilte meg spørsmål direkte som gjaldt stamming og behandling. Dette var ikkje noko eg hadde reflektert så mykje over i forkant av intervju av den grunn at det ikkje var mi rolle her. Sjølv om eg presenterte meg og søkte å forklare mi rolle for dei før me starta intervju ser eg likevel at det kan vere naturleg at slike spørsmål kjem i og med at eg er logoped-student og på veg inn i yrket.

Eit intervju har ein form som ein samtale, av den grunn finn eg det slik at eg ikkje kan avfeie foreldre med at dette ikkje var mi rolle her, men søkte å gje eit svar likevel. Eg presiserte fleire gonger at dei svara eg hadde var ut i frå den erfaring eg har så langt med litteratur og praksis frå studiet og at det kan vere ulike svar og løysingar for det enkelt born og familien. Mi oppleving av å handtera situasjonen slik var god.

På førehand hadde eg gjort meg kjent med opptakar og funksjonar. Dei to fyrste intervjuar kom tett inntil kvarandre, så eg rakk ikkje å transkribere heile intervjuet før neste. Eg antok at det skulle vere nok plass på opptakar, men dei siste 15 minutta av intervjuet var det slutt på plass i opptakaren. Eg oppdaga dette, og spurte om det var greitt for informant at eg no noterte litt ekstra for å best mogleg utkomme av samtalen. Informant syntes det var greitt, og eg har valt å bruke intervjuet fordi eg opplever å ha fyldige nok svar. Dessutan fekk eg skrive ned tankar og refleksjonar rundt intervjuet umiddelbart etterpå, som eg gjorde etter kvart intervju, fordi det opplevde eg hjalp for å få fram heilskapen under eit intervju.

Under intervjuar brukte eg bornet sitt namn i spørsmåla i intervjuguiden der det var naturleg. Det opplevde eg gav ein nærleik og meir personleg vri på spørsmåla i intervjuguiden. Opplevde to gonger at informant stillte spørsmål for å få ei klargjeving av mine spørsmål, dette var to ulike informanter i to ulike intervju. Eit intervju har den fordel at ein kan forklare kva ein har meint eller er ute etter å få vite, viss noko er uklart for informant.

Eg søkte å skape ei trygg ramme rundt samtalen i intervjusituasjonen. Vidare prøvde eg å bekrefte informantane både verbalt og non-verbalt, ved å gje informantane tid til å svare, bruk av augekontakt, tonefall og kroppsspråk. Dette er ting som er ei utfordring, men ”øving gjer som kjent meister”, eg opplevde at situasjonen under intervjuar var god og stemninga var rolig og gav rom for å dele. Informantane hadde mykje å meddele og alle svarte på samtlege spørsmål i intervjuguiden.

### **3.1.4 Transkribering av intervju**

Under transkribering av intervju spelte eg gjennom, stoppa og spolte i materialet for å få ei mest mogleg nøyaktig utskrift. Å spole fram og tilbake i opptaket av intervjuet oppleve eg gav meg eit nærare forhold til datamaterialet og oppfatning av innhaldet, til dømes små ord eg ikkje høyrte til å byrje med gav stundom ei ny og viktig meining. Dette òg for å unngå kunstige konstruksjonar av kommunikasjonen under intervjuet (Kvale 2001). Med unntak av ei gong då intervju kom for tett etter kvarandre, valte eg å transkribere det innsamla materialet ut med ein gong etter gjennomført intervju. Eg skreiv og eigne notat rett etter gjennomføring av intervju, for best mogleg kunne skildre stemninga under intervju.

### **3.1.5 Analyse og bearbeiding av datamaterialet**

Å analysere vil sei å dele noko opp i bitar. Ein analyse vil finne seg mellom det som var det opprinnelege materialet og det som til slutt vert presentert (Kvale 2001). Ein analyse av kvalitativ forskning kan ha ulike tilnærmingar, felles for alle er at det er ei fortolkande tilnærming til datamaterialet (Dalen 2004).

Etter at intervju var gjennomført og transkribert begynte organisering av materialet. Ein vert litt overvelda over alle desse sidene med utskrift. I intervjuguiden hadde eg allereie laga ein form som innhaldt tema og spørsmål. Eg valte å organisera fyrst alle informantane sine svar etter dei ulike spørsmåla i intervjuguiden. Deretter søkte eg gjentatte gonger etter samanfall blant svara frå informantane, men òg etter det meir særmerka i materialet. Dette er nærme den tilnærminga Dalen (2004) kallar for ”tematisering”. Ved val av forskingsspørsmål i intervjuguiden har ein allereie tatt nokre val om kva tema ein ynskjer å ha fokus på. Eg søkte å finne svar som kunne kaste lys over dei aktuelle tema i forskingsspørsmåla. I den siste del av analysen falt valet på to hovudkategoriar som la grunnlag for presentasjonen av materialet.



Desse to kategoriane var:

- Foreldre sin livsverden
- Den logopediske behandling

Informantane som var med i undersøkinga hadde ulik dialekt. Eg har valt å skrive på nynorsk. For å få ein meir heilskapleg flyt i det presenterte materialet har eg derfor valt å gjengi alle sitata på nynorsk. Muntleg tale bør verte gjengitt på i ein skriftleg og lesbar form (Kvale 2001).

### **3.1.6 Validitet**

Validitet betyr om noko er gyldig, slik at ein kan kvalitetssikre prosessen i forskinga for at det ein presenterar skal vere gyldig. Validiteten må setjast i samanheng med problemstillinga, slik at den kan målast om informantane har svart på det ein ynskjer og om det er samsvar mellom materialet og teori (Kvale 2001).

I undersøkinga har eg søkt å ivareta validiteten ved å vurdere om spørsmål og svarkategoriane gjev svar på spørsmåla eg har i problemstillinga.

### **3.1.7 Reliabilitet**

Krav om reliabilitet er i fyrste rekkje knytt til grad av målepresisjon og målefeil (Befring 2002). Begrepet er fyrst og fremst knytt til kvantitativ forskning. I fylgje Dalen (2004) må ein nærma seg kravet om reliabilitet fra ein anna vinkel i ein kvalitativ metode. Ved å være ærlig, nøyaktig og tydelig i skildringa av dei ulike ledd i forskingsprosessen, kan det vere mulig for andre å låne våre ” forskarbriller ” og gå oss etter i saumane (Dalen 2004).

Reliabiliteten i undersøkinga har eg prøvd å etterkome ved å arbeide med språket i spørsmåla og korleis dei er uforma. Intervjuguiden har eg forsøkt å gjere oversiktleg ved den skriftlege utforming av spørsmåla.

### **3.1.8 Generalisering**

Med hensyn til spørsmål om generaliseringsverdi refererer Dalen (2004) til Andenæs, som framhevar at det fyrst og fremst er andre enn forskaren sjølv som avgjer kor anvendeleg resultata er for andre situasjonar. For å kunne vurdere dette er det viktig å gi tilstrekkeleg og relevant informasjon (Dalen 2004). Ved kvalitative intervjustudier kan spørsmål som om funna er generaliserbare kome fram. Å generalisere handlar om ein kan overføre eit gitt resultat frå ein kontekst til ein anna kontekst (Kvale 2001).

Undersøkinga eg har gjennomført har eit lite antal informantar. Ein ikkje generalisere dei resultat eg har gjort i mine funn til ein anna situasjon. Konteksten rundt eit intervju, med dei mennesker som deltek der og stemninga som var under intervjusituasjonen kan aldri kome i reprise akkurat på same måte. Men det kan sei noko om nokre opplevingar som informantane har delt med meg, som mogleg kan vere av verdi for andre å få høyre om.

### **3.1.9 Etske hensyn**

NESH (den nasjonale forskingsetiske komité) vart danna av Kyrkje-, utdannings og forskingsdepartementet i 1990, og har som del av si oppgåve utarbeida etiske retningslinjer for forskning (NESH 2006).

*”Begrepet forkningsetikk viser til et mangfold sett av verdier, normer og institusjonelle ordninger som bidrar til å konstituere og regulere vitenskapelig virksomhet. Forskningsetikken er i siste instans en kodifisering av praktisert vitenskapsmoral. Den har altså sin basis i vitenskapelig allmennmoral, på tilsvarende måten som allmenn etikk har sin basis i samfunnets allmennmoral.”* (NESH 2006:5).

Under ein intervjusituasjon møter ein nokre etiske dilemma. Det er knytt opp mot kor nær og personlege spørsmål ein kan stille informantane. Ein skal vise informantane respekt for dei sine grenser, slik at dei ikkje vert "lurt" til å gje svar som dei kan kome til å angre i ettertid. Eit samtykkje frå informant tyder ikkje at dei treng å svare på alle spørsmåla i intervjuguiden og informantane skal heller ikkje utsetjast for kritiske spørsmål av intervjuar. At informantane ikkje tek skade av å delta i eit forskingsprosjekt må vera eit hovudprinsipp (Thagaard 2003).

Som forskar skal ein forhalde seg til ein del prinsipp. Prinsippet om å delta i ei undersøking er frivillig. Det vil seie at alle som vert bedt om å delta i ei undersøking sjølv bestemmer om dei vil delta eller ikkje. Vidare kan informantane på eit kva som helst tidspunkt velje å trekkje seg frå undersøkinga, utan at dette får nokon som helst konsekvens for dei (NESH 2006).

Vidare må alle opplysningar verte handtert konfidensielt og anonymiserast slik at informantane ikkje kan identifiserast. Informantane vel òg sjølv kor mykje dei vil meddela om seg sjølv, uansett om dei har samtykkja til å delta i undersøkinga (NESH 2006).

Eg har etter beste evne forsøkt å forhalde meg til retningslinjene til NESH. Vidare forhalde meg til dei lovar og reglar som gjeld gjennomføring av den type undersøking eg har valt. Prosjektet vart meld til NSD (Norsk samfunnsdata), det er i overenskomst med lov om personvern (vedlegg 1.) I samband med utsending av intervjuguiden (vedlegg 4), la eg ved informasjonsskriv som innehaldt førspurnad til informantane om å delta i undersøkinga, i tillegg til ein presentasjon av meg sjølv og kva prosjektet gjekk ut på (vedlegg 2). Det vart òg sendt ut skriv om eige samtykkjeerklæring om å delta i undersøkinga (vedlegg 3).

### **3.1.10      METODEKRITIKK**

Utfordringar i analyse og tolkingsarbeidet har vore å lausrive seg frå eigen førforståing og oppfatningar for verkeleg å få tak i informantane sitt perspektiv. Ein meir rutinert forskar ville kanskje ikkje ha opplevd dette som like krevjande. Utarbeiding av gode forskingsspørsmål/kategoriar som fangar det essensielle i datamaterialet har vært ei annen utfordring. I kvalitativ forskning er analyse noko som føregår gjennom heile forskingsarbeidet, slik blant andre Kvale (2001) påpeikar. Men som uerfaren forskar trur eg det er lett å fokusere på enkeltdelar og vere mindre medviten på dynamikken i forskingsprosessen.

## 4 PRESENTASJON OG ANALYSE AV DATA

I denne delen av oppgåva vil eg presentera, analysera og drøfta funna i undersøkinga.

Problemstillinga:

**Korleis opplever foreldre å ha eit born som stammer og korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**

Vidare har eg valt to hovudtema i presentasjonen, dette på bakgrunn av problemstillinga, dei er:

- **Foreldre sin livsverden**
- **Den logopediske behandling**

Ut i frå datamaterialet har eg arbeida med å finne likskap og det som er særmerkt for materialet som er vorte koda og kategorisert under dei to hovudtema. Tema - foreldre sin livsverden er i knytt opp mot teori om stamming, og tema - den logopedisk behandling er knytt opp mot teori for stammebehandling og rådgjeving. Eg vel hovudsakleg å bruke omgrepa foreldre og informantar når eg presenterer og drøfter materialet. Foreldre sine opplevingar og skildringar har fått stor plass i denne delen av oppgåva. Dei to tema er valt av den grunn at dei søker å svare på problemstillingane i oppgåva.

- **Korleis opplever foreldre at stammainga påvirkar bornet?**
- **Korleis opplever foreldre at bornet si stamming påvirkar bornet sine relasjonar?**
- **Kva tankar har foreldre om stamming og har dei erfaring med stamming frå før?**
- **Korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**
- **Kva forventningar og behov har foreldre til den logopediske behandling**

## 4.1 Foreldre sin livsverden

### 4.1.1 "Han er jo ein heilt vanleg gut, utanom at han stammer..."

Ved innleiande spørsmål ber eg foreldre å fortelje om bornet sitt og kva dei ville ha sagt viss dei skulle fortelje om bornet til nokon som ikkje kjente det frå før.

For foreldre er det av tyding å formidle at borna deira er så mykje meir enn kun det at dei stammer. Alle informantane fortel med byrgskap og varme i stemma om borna sine og dei skildrer borna med ein slik innleving at ein nesten tykkjer ein vert litt kjent med dei. Dette at bornet stammer er i fyrste omgang sekundært å nevne for dei fleste, kun ein av informantane formidlar tidleg at bornet stammer i si skildring. Ein av informantane seier dette om korleis ho vil skildre bornet sitt til nokon som ikkje har møtt det før.

*"Vel det som eg stort sett vil sei, så syns eg ikkje dette her med stamma og sånne ting, det er..., det er sånn som eventuelt kjem fram etter kvart, eg syns ikkje det er ein karakteristikk med han som eg naturleg fortel om. Ikkje det at me syns det er noko problem for å sei det sånn, me er veldig opne med det og sånne ting, men det er ikkje det som er typisk med han for å sei det sånn."*

Ein av dei andre informantane formidlar dette om bornet sitt:

*"Han er ein sånn glad gut, omsorgsfull og snill med andre. Han er veldig aktiv då, og veldig oppfinnsam får ein seie, og så er han sosial, det må liksom skje noko heile tida."*

Informantane fortel om interesser og eigenskapar hjå borna sine som dei opplever som det tydingsfulle med borna, dei er så mykje meir enn berre eit born som stammer.

Mennesker er komplekse og har ulike eigenskapar og kvalitetar, det er uavhengig om ein har ein vanske eller ikkje. Det informantane fortel om kva dei ville ha formidla til nokon som ikkje kjente bornet frå før kan knyttet opp mot at mennesker som stammer foretrekker å verte kalla og sett på som nettopp, mennesker som stammer og ikkje stammere. Viss ein vert definert som stammere indikerer det meir ei generalisering, at ein vert set i ein "bås" eller viss type gruppe. Personar som stammar er like unike og individuelle som andre, stamming er berre ein liten del av dei, dei har ein mengde

andre karakteristikkar som skildrer kven dei er og der stamming er berre ein av desse karakteristikane (Guitar 2006).

Borna til informantane er i alder 2-4 år då stamminga fyrst opptrer. Når foreldre skal fortelje om oppstarten til stamminga dreg dei litt på det, dei sukker og nøler litt, og eg tolkar det slik at dette har dei gått nokre rundar med dette tidlegare for å kunne plassere fingeren på kva som skjedde. Eg ber dei ta si tid og at det no er lenge sia at borna byrja å stamme. Alle foreldra, unntatt ein formidlar at dei ikkje kan huske eller tilbakekalle kva som akkurat skjedde, men at dei meiner at det ikkje var knytt opp mot noko spesiell hending. Foreldre skildrer ei oppleving av at stamminga kom brått på, så og seie over natta. Følgjande sitat illustrerer dette.

*”Det var sånn ca. i 2-års alder, men situasjonen då...liksom det kom, det kom jo bare sånn plutselig, det var ikkje noko sånn, spesielt sånn som skjedde, det var akkurat når liksom språkutviklinga byrja då.”*

Den av foreldre som har eit minne og formeining om kva som kan ha vore årsaka til at bornet byrja å stamme skildrer at det var då dei hadde fått eit sysken til bornet. Bornet var omtrentleg tre eller tre og eitt halvt år på den tida. Sitat under formidlar hendinga.

*”Babyen låg ute i vogna og sov og då eg såg at han dreiv og klatra på vogna. Då vart eg jo litt skremt, eller rettare sagt litt hysterisk. Eg skreik vel og sprang bort, da vart han litt skremt og då stamma han i tre dagar. Ja, det var berre nokre dagar, det var ikkje mange, så slutta han, men så byrja det gradvis att.”*

Dei fleste born byrjer å stamme i 2-5 års alder. Språkutviklinga er ekspansiv i denne alder og det kan mogleg vere ein av dei faktorar som spelar inn på at eit born byrjer å stamme (Guitar 2006). At informantane tykkjer det er vanskeleg å setje fingeren på akkurat tidspunkt for oppstart for stamminga til bornet må kunne hevdast å vere naturleg. Born i denne alder har ikkje berre ei ekspansiv utvikling på det språklege plan, det har òg ei rivande utvikling blant anna på motoriske og emosjonelle områder. I tillegg er det vanleg at born i denne alder har brot i talen, den ein kallar småbornsstotring som er ein del av den språklege utviklinga (Guitar 1998). Korleis stamminga opptrer ved oppstart er individuelt for borna. Stamminga fylgjer ikkje noko

fastlagt mønster, og stammainga kan opptre både sporadisk og har inga fast rute. For nokre born kan stammainga ved oppstart vare nokre dagar eller veker, og den kan vedvare eller opphøre. Eller som formidla i siste sitat ovanfor at stammainga ved oppstart opphøre i ein periode for så å komme tilbake.

Når me vidare i intervjuet kjem inn på om bornet var medviten si stammaing ved oppstart, er det samanfall i svara hjå informantane. Dei opplevde ikkje at bornet var medviten si stammaing ved oppstart. Eg tolkar likevel av utsegna som foreldre gjev at bornet er på eit eller anna nivå medviten si stammaing. Van Riper (1982) skildrer omgrepet kjerneatferd. Det er den taleatferd som opptre fyrst i stammainga ved repetisjonar, forlengingar og blokkeringar. Desse er dei synlege og hørbare delen av stammainga, som ein vil leggje merke til fyrst. Eg vel å la fylgjande to sitat understreke at bornet er på eit eller anna nivå medviten at dei er byrja å stamme.

*”Når han utvikla språket var det akkurat som viss det var noko han ikkje fekk til så ville han ikkje sei det, han måtte liksom.., han let vere å snakka av og til, han hadde så vanskeleg med å få da ut sant.”*

*”Han byrja vel, eller som det vart sagt, han byrja ikkje å stamme, han stotra. Og det byrja han med veldig tidleg, altså nesten med ein gong han byrja prate stotra han i meir eller mindre grad, og i enkelte situasjonar veldig mykje. Han gjentok og gjentok og kom aldri vidare. Det var sikkert mange som angra på at dei hadde spurt han om noko, men han gav liksom aldri opp då.”*

Når born finn seg i eit byrjande nivå av stammaing er dei lite medviten kring eigen tale og dei har sjeldan negative kjensler knytt til den byrjande stammaing (Bloodstein 1995). Det er i samanfall med det informantane opplever i samband med at borna deira ikkje er medviten si eiga stammaing når dei fyrst byrjar å stamme. Kvifor det er slik at dei opplever at borna ikkje er medviten si eiga stammaing? Kan det vere at det er den synlege og hørbare delen av stammainga som dei legg merke til fyrst, altså bornet sin kjerneatferd? Eg tolkar frå det informantane formidlar at borna på eit eller anna nivå er medviten si byrjande stammaing av den grunn at borna let vere å snakke i enkelte situasjonar, dei har vanskeleg med å få uttrykkje seg, men gjev likevel ikkje opp. Dette står i samsvar med det Guitar (1998) seier om born i oppstartfasen av si stammaing.



Borna viser ofte fysiske spenningar eller auka i snøggleik i talen, som indikerer at dei reagerer, i alle høve på eit minimalt plan, på sin talevanske.

Når born har nådd skulealder er det mindre sannsynleg at stamminga vil opphøyre enn når dei er i førskulealder (Guitar 2006). Born som er i skulealder har allereie ein lang historie bak som ein person som stammer. Når hendingar gjentar seg gong på gong, anten det er på godt eller vondt, er dette ei erfaringar ein tar med seg vidare i livet. Når me kjem til spørsmålet om korleis stamminga til bornet er no og om borna har utvikla noko medbevegingar til stamminga er det ikkje alle informantane som veit kva det er. Eg søker å forklare og vise, og når innhaldet i omgrepet er avdekka syner det seg at borna deira har medbevingar i samband med stamminga. Ved utvikling av stamming vil born som stammer prøver å unngå å stamme og dei utviklar tilleggsatferd som kallas sekundæratferd. Desse sitat frå informantane syner dette.

*”Det er det at ansiktet på ein måte henger seg opp. Av og til når han skal sei ting så får han ikkje ut lyden sant, og då stopper det opp litt i munnviken.”*

*”Ja, det har auka, det var ikkje så mykje tidlegare, det noko som har kome etter kvart. Han har vel hatt det nokre år no, men det er sånn som har kome sterkare etter kvart. Det er litt sånn bevegelser og kroppsbevegelser og såne ting ja, så det har definitivt auka.”*

Etter kvart som eit born vert eldre og stamminga utviklar seg er det ein stor risiko for at sekundæratferden kan verte meir synleg (Craig 2005). Kvifor det forhold seg slik kan forklarast ved at det oppstår ein vekselverknad mellom det å snakke og kjensler som er knytt til det å snakke for borna som stammer. Det oppstår ein vond sirkel som eskalerer negativt og den er vanskeleg å bryte. Bornet kan få angst for å stamme når det snakkar og kjemper ein kamp for å unngå å stamme i ulike situasjonar. Den vonde sirkelen bornet hamner i gjer at bornet utviklar angst for angsten å stamme, og bornet vert no styrt av stamminga (Hansen 1986). At mennesker vert styrt av si stamming kan ha ein stor innverknad på livet deira. Det står i samband med det Craig (2005) seier om at ulike flukt- og unngåingsstrategiar på lang sikt har ein øydeleggjande effekt på mennesker som stammer. I tillegg meiner han at slike strategiar kan føre til at det sosiale liv og den personlege vekst vert alvorleg hemma.

#### 4.1.2 "Det går jo i bølger."

Ved tidspunkt for intervjuet har borna til informantane ein alder mellom 11-15 år. Det er vanleg at stamming ikkje vert verande uforandra gjennom eit menneske sitt liv. Hjå dei born der stamming vedvarer vil det føregå ei utvikling av stamminga. Foreldre fortel om ulike opplevinga som gjeldt borna si stamming, der borna si stamming har gått frå dei eine ytterpunkt til det andre. Borna kan ha periodar der dei nesten er heilt flytande i sin tale til andre periodar der borna har mykje stamming i sin tale. Det er samanfall i svare hjå foreldre angående opplevingar av at stamminga forandrar seg i ulike periodar hjå borna. Eg får inntrykk av at foreldre tykkjer det er vanskeleg å forstå desse ulike svingingane i borna si stamming. Foreldre omtalar stamming til borna sine som vond stamming, vanskeleg stamming og etablert stammer. Eg vel å la fylgjande to sitat frå informantane syne korleis dei opplever dette.

*"Han er jo etterkvart vorte ein etablert stammer og kjem sannsynlegvis alltid til å stamma eller må leva med dette på eit eller anna vis."*

*"Det er vanskeleg å forstå desse svingingane, det svingar frå dei store djupner til dei store høgder sant, det er periodar der han berre sit sånn (informant viser grimasar) og ikkje får fram noko ting til å snakka nesten flytande."*

At stamming forandrar karakter gjennom ulike periodar er vanleg, talen vekslar mellom nesten eller heilt flytande tale til stamming, den forhold seg ikkje uforandra (Preus 1995). Sjølv når stamminga utviklar seg og aukar i intensitet vil det framleis vere vekslende periodar mellom stamming og meir flytande tale (Hansen 1986). Kvifor det er slik kan vere vanskeleg å forstå for born, foreldre og omgjevnadane. Guitar (1998) deler utvikling av stamminga inn i ulike nivå. Borna til informantane kan mogleg finne seg på dei to siste nivåa, som er nivå for overgangstamming og nivå for avansert stamming. Dette må likevel tolkast som veiledande, fordi ein kan ikkje kategorisk plassere personar som stammer på eit nivå. Kvifor det er slik er av den grunn at det ikkje vil passe for alle og i tillegg vil personar som stammer bevege seg mellom dei ulike nivåa (Bloodstein).

Når me samtalar om bornet stammer meir anten heim, på skulen eller blant venner har foreldre ulike opplevingar. Nokre av informantane opplever at stamminga fylgjer dei dårlege periodane, då stamminga lik uansett kva miljø bornet finn seg i, opplever foreldre. Ein av foreldre opplevde at bornet stamma mindre med venner enn kva han gjorde heim, og ho stiller seg undrande til dette. Kan det mogleg vere slik at bornet kjenner seg meir trygg heime, at han då kan vere heilt seg sjølv og slappe av? At det kan vere av dei grunnar at bornet har meir stamming heime eller når han er med venner. Sitatet under formidlar korleis denne informant opplever det.

*”Ja, eg merker at han har veldig sånn flyt når han snakkar med vennene sine, men akkurat som når han snakkar med oss så, av og til så har han veldig problem, eg veit ikkje kvifor ja.”*

Når me går vidare inn på korleis stamminga påverkar bornet sine relasjonar har foreldre mange opplevingar av dette. Alle foreldre har opplevd at endringar i bornet sitt liv påverkar stamminga til bornet. Foreldre formidlar at det er viktig for borna at det er rutinar i livet. Endringar opplever dei gjer stamminga til born ofte verre. At ting er forutsigbart er viktig for borna opplever foreldre. Eg vel å la to fylgjande sitat skildre dette.

*”Dei fekk jo ein ny lærar i fjor, og då kjente eg óg det at han fekk litt problem, det var akkurat som det satt seg fast når han skifta lærar, liksom for mange forandringar. Ja forandringar med omgjevnadane eller sånn så...han læraren dei hadde før, han hadde han så veldig god kontakt med, ja veldig, det var liksom sånn at han var tjommi.”*

*”Han skulle gå til logopeden, og så gløynte han det. For han skulle gå om morgonen, så blei han værande i klassen istadenfor. Det har liksom vore ein løyndom at han går til logoped, dei veit det nok alle, men dei gjorde ikkje noko ut av det. Den nye læraren berre sa det ut til heile klassen, og han blei så lei seg for da. Han syns ikkje det var noko kjekt når det ikkje var avtalt..”*

Stamming er noko som rammer eit menneske personleg, sosialt og i kommunikasjon med mennesker (Van Riper 1982). Forklaring på kvifor det er slik at stamminga vert verre når det skjer endringar i born sitt miljø er ikkje eintydig. Heilskapen i å forstå kva som gjer stamminga betre eller verre er framleis ein bit av eit puslespel (Guitar).

At borna vert utrygge av endringar av rutinar eller at dei skal forhalde seg til nye personar i sitt miljø kan knyttast opp mot ein multifaktoriell årsaksmodell. Fordi ein kan ikkje forklare stamming ved ein enkelt faktor, den er sett saman av mange ulike faktorar. Ein vekselverknad mellom miljømessige faktorar og ein interaksjon mellom faktorar i bornet sjølv kan gjere at stamminga utviklar seg i negativ retning (Packman og Attanasio 2004).

Starkweather sin ”krav- og kapasitetmodell” er brukt som ein modell for vise at stamming opptrer når forventningane og krava til eit born er større enn deira sin kapasitet for å produsera taleflyt (Packman og Attanasio 2004). Krav til taleflyt finst i bornet sjølv eller frå omgjevningane. Når det så vert eit gap mellom krav og kapasitet til taleflyt oppstår det stamming hjå bornet (Starkweather m.fl. 1990). Foreldre fortel om hendingar som er knytt opp til relasjonar born har til skule og venner. Eg opplever at foreldre vert svært lei seg og har stor medkjensle for sine born når slike hendingar skjer. Fylgjande sitat syner opplevingar borna har hatt som har påverka stamminga deira.

*”Han reagerte ein periode, då hadde han problem med å lesa ei side, han var så andpusten at han måtte sleppe å lese leksene, det var jo heilt forferdeleg. Han ville ha hjelp, han var veldig lei seg, han var veldig medviten og han var veldig lei seg.”*

*”Han stengte seg inne, han tok det veldig inn over seg at han stamma. Han ville jo helst sitt på rommet, på internett og se på tv og spille spill. Han så jo det sjølv at han var litt deprimert då. Han hadde ikkje lyst til noko og tror det er det som òg gjorde mykje av at han begynte å slurve med skulearbeidet. Viss han skulle holde et fordrag så klarte han ikkje å framføre likevel, det kunne vere sånn at han kvitte seg i fleire dagar viss han skulle ha en. Viss noen spurte han om han ville vere med på kino eller sånn, så ville han ikkje. Så kameratene gav jo litt opp etter kvart då. Eg sa du må jo prøve å vere med, at han ikkje kunne stenge seg inne heller, men han kjente seg dum og sånn då.”*

Ved at born har slike opplevingar viser det at kjensler, holdningar og den trua dei har om seg sjølv har like stor utslagskraft som den meir synlege og høyrbare delen av stamminga. Eit menneske kan utvikle ei tru og oppfatning om seg sjølv at dei ikkje kan snakke, gjennom dei erfaringar dei får (Guitar 2006). Ulike faktorar som bornet både

har rundt seg og i seg sjølv vil vere med å forme dei som mennesker, det er uansett om dei stammer eller ikkje. Korleis eit born som stammer ser og opplever seg sjølv vil òg vere individuelt. Ein born vil kanskje ikkje bry seg om at det stammer, medan eit anna opplever at stamminga styrer heile livet (Alm 1995). Når born stammer når det snakkar vil dei få ein reaksjon frå sine omgjevnader, det kan ein seie ligg i kommunikasjonens natur. Reaksjonen dei får på sin tale, uansett om den sann eller ei, gjev ei oppleving i bornet at andre syns dei til dømes er rare eller nervøse fordi dei stammer når dei snakkar. Det kan det føre til at borna får ei tru eller haldning mot seg sjølv at andre mennesker ser på dei som dumme eller nervøse (Guitar 2006). Desse haldningane borna har fått av seg sjølv er kjensler som dei har erverva gjennom erfaringar. Dette er òg i samfall med det resultat Vanryckeghem m. fl. (2001) kom fram til i si undersøking; det er samband mellom negative holdningar og kjensler hjå born som stammer. Og etter kvart som borna vert eldre og stammevanskane aukar vil dermed negative holdningar og kjensler bornet har for stamminga auke.

Når me kjem inn på tema mobbing i intervjuet vert det stille hjå informantane. Eg opplever at det er eit sårt og vanskeleg tema. Det vert til og byrje med litt stille, eg opplever at dei må tenkje seg litt om, kanskje er det vanskeleg å verte minna vanskelege tider? Eg formidlar til informantane at dei må ta si tid, og at eg kan forstå at dette kan vere eit sårt tema. Alle foreldre har historier å fortelje når det gjeld at bornet deira på eit eller anna tidspunkt har fått ein kommentar eller vorte mobba for stamminga si. Eg opplever at foreldre vert svært lei seg og bekymra på borna sine vegne, dei fortel òg korleis det har virka inn på borna. Eit unntak er ein av foreldre som opplever at bornet ikkje bryr seg om det å bli mobba. Dette kan ein sei er eit særtrekk i materialet, og eg vel å formidle kva denne informant opplever.

*”Ja, han er likegyldig for at han blir mobba, han bryr seg ikkje.”*

Eg tolkar likevel mellom linjene at dette mogleg ikkje er heile sanninga. Av den grunn at denne informanten òg formidlar at bornet er nådd puberteten, og at forholdet mellom mor og son ikkje alltid er like ”knirkefritt”. Det er i tillegg naturleg at born etter kvart har eit ynskje om å frigjere seg meir frå foreldre, og venner og andre

interesser er noko dei søkjer meir. Dette vil vere med på å påverke dei sin sosiale og emosjonelle fungering heime, på skulen og saman med venner, og ikkje minst vil det påverka born si taleflyt (Lees 2005a). Eg vel vidare å presenter to sitat frå foreldre sine opplevingar angående dette at borna deira vert mobba.

*”Men klart, som foreldre må ein jo vere ekstra merksam på sånne ting. Klart stammer du, så er du jo potensielt eit mobbeoffer sant, du er jo det.”*

*”Så har me spurt han om det er nokon som erta han for stamminga, og det har vore eit par episodar. Da var i haust ja, det var irriterande, berre for å herme, kanskje ikkje stygt meint det, men han vart veldig lei seg.”*

Informantane sine opplevingar angående borna sine og mobbing kan ein knytte opp mot det Van Riper (1973) seier om mobbing og skuleborn. Born i skulealder kan vere meir utsatt for mobbing og ufine kommentarar på grunn av si stamming. Dette er òg i samanfall med funn frå ei undersøking der fokuset var om born som stammer vart meir mobba enn sine medelevar. Resultatet synte at born som stammer vert i større grad avvist av sine jamnaldrende og at dei var meir utsett for mobbing enn sine medelevar (Davis m.fl. 2002).

#### **4.1.3 ”Årsakar – ja hadde eg forstått det så.”**

Foreldre har mange tankar om stamming. Bekymringar og skuldkjensle er ord som har høgt samanfall hjå informantane, både i talte og det eg tolkar kjem fram i uuttalte formidlingar, det ein meine å ”lese mellom linjene”. Borna til informantane har alle sysken og livet er travelt for foreldre. Dei har mange element i sine liv som gjer at kvardagen er hektisk og fylt av utfordringar. Når me kjem til spørsmål om kva som kan vere årsaker til at stamming kan ha starta har dei mange tankar. Tankar som om dei har behandla borna ulikt er noko som dei alle har grunna på. Fylgjande sitat kaster lys over det.

*”Han har fått ein tilsvarande, det same stort sett som syskena sine. Han byrja tidlegare i barnehagen enn dei, men ut over det så har han stort sett hatt dei same...kan du sei, bakgrunnen som syskena sine.”*

Dette at syskena vert behandla likt og får lik oppdraging kan verke som om det er eit toegga sverd for foreldre, av di dei ynskjer å gje borna sine det same, men samtidig verker det som det gjev ei sut og det kan gje skuldkjensle hjå foreldre at det mogleg kan ha ein negativ innverknad på stamminga til bornet. Dette sitat frå ein av foreldre understrekar det.

*”Det er jo klart at me er sinte på han av og til som me er på dei andre av og til, så me kan jo kjefte litt av og til, klart nokon kan jo vera veldig kjenslevare for det...”*

Foreldre tenkjer på kva innverknad stamminga kan ha på borna. Bekymringar og håp går hand i hand, og når denne mor skildrer dei så er det med ei stemme som er full av kjensler, lav og litt sørgmodig.

*”Håpa jo at det går heilt over då, eller at dei lære seg teknikkar så dei klara seg utan, altså at det ikkje vil hemme dei, at det vil vera usynleg for andre, men mest da at eg håpa at ingen skal erte han. At han skal mista...det der, sjølvtiliten som han har, at han får vere trygg på seg sjølv og får snakka i samanhenger og ja...at han ikkje slutta med..., for da er det mange som gjer og han gjorde det ei stund òg, at da liksom skal forandra han, at det tar litt glede ifrå han.”*

Informantane gjev sterkt uttrykk for skuldkjensel og bekymringar for borna si stamming. Eg tolkar det slik at dei legg skulda på seg sjølv og undrar over ting dei mogleg har gjort eller ikkje gjort som kan vere årsaka til stamminga til borna. Det kan vere vanskeleg for foreldre å skilje mellom sine eigne problem og borna sine problem. Foreldre og born har tette kjenslemessige band og foreldre kan oppleve stamminga til bornet som si eiga liding (Christmann og Knudsen (1991). Foreldre må får hjelp til å arbeida med og verte kvitt skuldkjensla , dette kan dei gjere ved å få kunnskap om stamminga. Det vert til om med hevda at foreldre med skuldkjensle ikkje er til nytte i stammebehandling for born (Hansen 1986). Born vert påverka av dei språkleg og kommunikative faktorar i miljøa dei har rundt seg. Taleflyten til born som er disponert stamming kan verte påverka negativt viss foreldre eller andre snakkar for fort (Guitar 2006).

Det kan virke som det er ein lang veg å gå i forhold til det å akseptera fullstendig at ein har eit born som stammar. Mi oppleving er at foreldre er på ulike stadiar i den prosessen det er å akseptera bornet si stamming. Ikkje at dei ikkje aksepterer bornet med stamming, men det at dei ynskjer og håper så sterkt at dette er noko som skal ordne seg. Det er sams for alle foreldre at dei opplever at dei kan snakke med bornet om stamminga. Eg får ei aning og eit innblikk i kor sårt det har vore langs den vegen då fylgjande informant fortel om sin prosess, medan ho ser på meg og fortel med klår stemme.

*”Eg har byrja å akseptera at han stammer og sannsynlegvis alltid vil gjera da, men det har vore ein lang prosess. Fyrst då me var inn på kompetansesenteret og eg såg på den lista, og mange eller nesten alle punkt stemte gjekk da opp for meg at han er ein etablert stammar. Men da er jo ein prosess ein må gjennom, det er ein sorgprosess å godta da.”*

Ein anna informant seier fylgjande om dei si akseptering av bornet si stamming:

*”Altså du godtar det fordi det er ungen din, har dei eit problem så har dei eit problem, du kan ikkje gjere noko frå eller til, selvfølgelig du kan jo gje dei hjelp som me gjer no då, men nei, ser ikkje ned på dei for det, altså aldri ein sånn tanke.”*

Eg tolkar det slik at informantane aksepterer borna si stamming, men at dette er noko som har tatt tid. Og opplevinga til ein av informantane er at det har vore ein prosess der ein vekslar mellom tru på at stamminga skal forsvinne til bekymringar og skuld kjensle for kva dei som foreldre har gjort for å forårsaka stamminga. Foreldre er som gruppe ikkje noko ueinsarta gruppe, dei er kvar enkelt unik og har eit hav av ulike eigenskapar. Foreldre til born som stammer kan ha ulike holdningar til stamminga til bornet. Nokon foreldre har ikkje noko problem med å forhalde seg til stamminga til bornet, medan andre opplever dette som svært vanskeleg (Christmann og Knudsen 1991). Etter kvart som stamminga utviklar seg hjå bornet kan det få eit sjølvbilet som ein som stammar (Guitar 1998). Born i skulealder har ofte byrja å få ein identitet som ein som stammar (Lees 2005a). Informantane formidlar at dei kan snakke med bornet sitt om stamminga, det står ikkje i samsvar med at det er mange foreldre som ikkje torer å snakke opent med bornet om stamminga (Hansen 1986).



Når me samtaler om tidlegare erfaringar med stamming har ingen av informantane det, bortsett frå ei, der far til bornet stammer og har gjort det frå ung alder. Ellers syner det seg at alle har slektningar som har hatt taleflytvanskar, blant anna syskenborn, onklar og oldeforeldre. Dette er slektningar informantane har hatt lite eller inga kontakt med, og dei vart fyrst gjort merksam på dei når dei sjølv fekk born som stammar. Årsaker til stamming opplever eg er eit vanskeleg tema for foreldra, nokre nøler med svara, vert litt fjerne og unnvikande i augo, medan nokre ler med ein latter som er litt oppgitt, slik eg tolkar det. Eg søker å gje dei god tid og uttrykkjer at dette mogleg er vanskeleg å svara på. Sams for informantane er at dei meiner at grunn til stamming har samanheng med gener og arv, samtidig legg dei óg eit ansvar hjå seg sjølv, slik som desse to sitat kaster lys over.

*”Men eg har tenkt dette med gener sant, sidan me har fleire i familien som stammer, så at det ligg noko arv ja, men det er jo ikkje noko gale med dei for det då. Men berre..., men det vert jo til at du tenker på det, du gjer jo det. Du tenkjer jo på det, av og til så tenkte eg; er det noko me har gjort gale eller, du tenkjer jo sånn óg sant, men eg kan ikkje huske at eg har gjort noko gale då.”*

*“Ja, eg har ikkje peiling. Eg veit ikkje om det er tydelegvis gener frå meg eller eit eller anna, sidan begge ungane gjer det då.”*

At informantane har tankar om at dei kan ha gjort noko ”gale” for å forårsaka at bornet har byrja å stamme, tolkar eg slik at dei har mykje kjensler av dårleg samvit, sjølv om det er utan grunn. Mogleg er det òg derfor at dei tykkjer at dette med årsaker til stamming er eit sårt og litt vanskeleg tema å snakke om. At alle informantane har hatt slektningar som stammar er i samanfall med det Ambrose, Yairi og Cox (1993) fant i si undersøking at born som stammer hadde slektningar som stamma (Guitar 2006).

At det er foreldre si skuld at bornet deira stammar antar ein er fordømmar som ikkje eksisterar lenger. Det er av stor tyding at ein ikkje legg stein til byrden for foreldre. Likevel har ein av informantane nettopp ei slik oppleving å formidle, episoden er frå eit møte med lærar når sonen deira gjekk i 1. klasse. Det denne mora fortel gjev eit usletteleg inntrykk på meg og det viser eit særtrekk i materialet. Tårene stig i augo til mor når ho fortel med lav stemme i sitatet under.

*”Så det ble vel egentlig veldig håplaut, for ho på ein måte sat vel egentleg meir skulda på oss då, fordi at han stamma.”*

At foreldre skal ha skuld for at bornet deira har byrja å stamme er ei påkjenning som må seiast å vere nesten umenneskeleg. Tidlegare har det vore forskning og røster blant fagfolk som har hevda at ei av årsakene til at born byrjar å stamme er foreldre (Guitar 2006). Ein veit i dag at foreldre ikkje har noko med den direkte årsaka for at born stammer, så at foreldre møter slike fordommar framleis kan ikkje gjere noko meining for dei si foreldrerolle. Ein er no einige om at arv kan spele inn, men at arv aleine ikkje kan forklare heilskapen til stamma si byrjing (Guitar 2006).

## 4.2 Den logopediske behandling

### 4.2.1 "Vent og sjå."

Då me kjem til spørsmålet om kva tid det vart satt i verk hjelp for bornet si stamming vert det ein litt anna stemning under intervjuet opplever eg. Det er sams for alle foreldre at det er dei som har oppdaga stamminga fyrst hjå sitt born. Då hadde borna ein alder mellom 2 og 4 år. Nokre av borna til informantane gjekk i barnehage og nokre born var heime hjå mor på denne tida. Kvar dei fyrst har tatt opp sine bekymringar utanom heimen, varierer hjå foreldre. Nokon har tatt sine bekymringar og mistankar opp med barnehagen og nokon tok det opp med helsestasjonen. Grunnen til at stemninga vart litt endra under intervjusituasjonen opplever eg kjem fram når dei byrjer å dele sine opplevingar. Samtlege foreldre skildrer at når dei har henvendt seg til barnehage eller helsestasjon har dei fått tilbakemelding om at dette er noko som vil gå over fordi det er vanleg at born stotrar i denne alder eller dei har fått tilbakemelding om at dei må vente og sjå det litt an. Fylgjande sitat under inneheld slike skildringar frå foreldre.

*"Og vi diskuterte det litt med dei i barnehagen og sånne ting. Men dei sa sånn at dette er vanleg, mange stotre, det var gutar og det var som om dette her er noko som kom til å gå over. Vart ikkje så veldig bekymra då for å sei det sånn, me vart nok ganske beroliga av at dette er noko som veldig mange har."*

*"For på ein måte det var jo ei sut dette med at det vart forverra sant, men så vidt eg kan huske òg så hadde me ein samtale med dei, men dei (helsestasjonen) såg ikkje noko grunn til stor bekymring. I barnehagen hadde me òg ein logoped inne som på ein måte overhørte og litt sånne ting, men dei sa at dette var ikkje så mykje, det kom sikkert til å gå over, ingen grunn til å byrja noko form for systematisk oppfølging."*

Det vanlegvis frå foreldre at ein høyrer om stamminga til bornet fyrste gong, det er òg naturleg då det er dei som kjenner dei best (Packman og Attanasio 2004). Det er slik at di nærare mot oppstart av stamming ein kjem og set igong tiltak, di større er sjansen for at stamminga til bornet vil gå over. Kvifor det er slik kan mogleg skuldast at for mange born opphøyrer stamminga av seg sjølv utan noko form for intervensjon (Guitar

2006). Hjø mange som 80 % av born opphøyrer stamminga. Det kan mogleg vere ein grunn til at informantane har vorte møtt med ei ”vent- og sjå” haldning. Det er likevel 20 % av borna der stamminga vil vedvare og utvikle seg, og dei er dei born som vil lide skade for at det at det ikkje vart sett igong tiltak på grunn av denne ”vent- og sjå” haldninga (Christman og Knudsen 1991).

Foreldre har ulike erfaringar med korleis dei har kom i kontakt med ”systemet”, når det gjeld oppstart eller vidare behandling av borna si stamming. Nokon har hatt kontakt med barnehagen eller skule for å få sendt søknad til kommunen, nokon har logoped på skulen. Når det er konstatert at borna har ein stammevanske skildrer alle foreldre unntatt ein, at dei har hatt strev for å kome igong med behandling for borna si stamming. Nokon foreldre skildrer òg at dei vart anbefalt å gå gjennom fastlegen for å få henvisning til privatpraktiserande logoped. Foreldre virke irritert og oppgitt når dei skildrer erfaringa det har vore å få sett igong behandling. Stemmene deira vert høgare, og det er mykje kjensler hjå foreldre. Dei bruker ord som å måtte fronte og kjempe for å skildre erfaringane. Eg får eit innblikk i kor mykje bekymringar og frustrasjon dei har kjent. Sitata under skildrer foreldre sine erfaringar med å få sett igong stammebehandling for sine born.

*”Ja, på 4-års kontrollen tok eg det opp på helsestasjonen og så tok eg det opp med barnehagen, og så hadde me ein vikar som, ein avdelingsleiar som var sånn, eit eller anna pedagog av noko slag. Og ho sendte inn søknad til kommunen og da fekk me brev tilbake om at; beklagar, me har ingen. Eg skjønnte ingenting.”*

*”Og skulen sa at det var så lange ventelister, og at dei måtte ta den i tur og orden. Men ho (logopeden) syns jo at det var viktig at han kom til og fekk hjelp og sånn. Ho meinte at me måtte gå til fastlegen og få sånn henvisning. Men eg var ikkje så bekymra før ho hadde gitt beskjed at me skulle få tak i ein privatpraktiserande logoped, er kjempeviktig at de kjem veldig tidleg, er så viktig, masse tid gjekk vekk sant, så gå sånn med hjelpeapparatet. Ja, det er trasig at han mista all den tida, og da vart jo betydeleg verre.”*

Ikkje alle mennesker som stammer opplever eit behov for stammebehandling. For yngre born er det slik at foreldre bestemmer og tek avgjersle om kva som er til borna sitt beste. Når stamminga til eit born har vorte eit så stort problem at det er hemmande

for kommunikasjon og sosial tilpassing bør det vere aktuelt med stammebehandling (Preus 1995). Når foreldre ynskjer hjelp i samband med eit born sine stammevanskar, har dei rett til å få vurdert om det er behov for spesialpedagogisk hjelp/undervisning. Opplæringslova § 5-1(for skuleborn) og § 5-7 (for born før skulealder) er meint for å sikre eit born sine rettar for spesialpedagogisk hjelp, og eventuelt rett til logopedisk hjelp( Opplæringslova og forskrifter 2006). Ved foreldre opplever press for å kunne gjere noko for sitt born si stamming kan det føre til at bornet sansar eller får ei aning om at noko er galt. Barnet kan med eller utan medvit kjenne dette press på seg, og prøve å endre sin atferd for at foreldre ikkje skal ha det vondt. Dette kan føre til at bornet si stamming aukar (Christmann og Knudsen 1991).

#### **4.2.2 "Samarbeidet."**

Ved oppstart av samarbeid med logoped er det sams for alle foreldre at kun ein av foreldre har vore med på fyrste møte. Det varierar om bornet har vore med på dette fyrste møtet eller om logoped har møtt bornet for seg. Alle foreldre opplevde å verte godt tatt imot av logoped. Ved informasjon om bornet si stamming varierer dette i kva informasjon dei har fått muntleg, og nokon av foreldre har fått med skriftleg materiale om stamming etter fyrste møte. Informasjon om kva foreldre kunne gjere for borna si stamming har alle informantane fått. Eg vel å la fylgjande sitat syne noko om kva foreldre skildrer dei fekk av slik informasjon.

*"Det var vel mest dette her med å snakke rolig, å skulle sjå på dei når me snakka med han og gjerne snakke litt kvar dag, og at han fekk snakke ferdig på ting og ikkje avbryte."*

*"At me skal snakke seinare og sjå han i augo og snakke åleine med han 5 minutt kvar dag før han legg seg. Men han er jo den i midten og det er no mykje fart og lyd her, og dei snakkar jo i munnen på kvarandre, da har dei jo alltid gjort. Så då må me jo sei at dei ikkje skal gjere det, men då må jo han óg sant, for han óg gjer jo da."*

I alt foreldresamarbeid har det mykje å sei at foreldre opplever at dei er "ekspertar" i forhold til eigne born, fordi foreldre har ein kunnskap om bornet som trengs for å

kunne hjelpe barnet best mogleg (Askland og Sataøen 2000). Logoped må vite noko frå foreldre om barnet si utvikling, sosial fungering, kommunikasjonsmønstre i familien og om barnet si stamming for å kunne gjere ei vurdering om innhaldet i stammebehandling (Mallard 1991). Skildring frå informantane sitt fyrste møte med logoped har ikkje noko informasjon om kva logoped spurte dei om. Det er likevel viktig i eit kvart samarbeid, at informasjon går begge vegar. Som informantane skildrer så fekk dei ein del ”verky” frå logoped om korleis dei skulle handtere borna si stamming. Logoped må ha nokre eigenskapar som rådgjevar. Yrkeskompetanse er ei samanfletting av relasjonskompetanse og handlingskompetanse. Det handlar om å setje seg inn i, sjå behova til foreldre og samarbeide på ein god og ivaretakande måte. Logopeden har òg ein særskild kunnskap, som her gjeldt stamming (Røkenes og Hansen 2002). Foreldre må i møte med logoped få vite noko om stammebehandling og foreldra si rolle der, vidare om barnet si stamming og om stamminga sin natur generelt (Guitar 2006).

Det vidare samarbeidet mellom foreldre og logoped har hatt ulik karakter. Ein av foreldre har jevnleg kontakt med logoped. Dei andre foreldra har hatt nokre møter, men det har vore hovudsakleg over telefon dei har hatt kontakt med logoped, så kontakten har vore meir sporadisk. Det kan ein seie er eit særtrekk ved materialet. Sitata under kan ein seie står i motsetnad til kvarandre angående kontakt med foreldre og logoped.

*”Ikkje noko avtalt, men ho sa no sånn at ho skulle ta kontakt etter kor ting går og me kan jo òg gjera da. Så da er vel kanskje greit sånn, veldig okay og berre kunne ringja så da...”*

*”Ja, så me er alltid i saman og diskuterer og fortel korleis det går, sånn statusrapport frå heimen, statusrapport frå skulen, statusrapport frå logoped. Og som oftast så stemmer det ganske godt overens. Ho fortel om planar ho har vidare som skal jobbast med. Ein veldig nær diskusjon om korleis ting, altså kor mykje skal du konfrontera han, det er jo alltid det som er vanskelig å vurdere. Så me har alltid blitt informert om, kan du si behandlinga framover og kva som skal gjerast. Er det spesielle ting på skulen som skal tas hensyn til, så for oss er det eit absolutt nødvendig møte å ha.”*

I det fyrste sitatet skildrer informanten at dei ikkje har ein jevnleg kontakt med logoped. Informanten gjev uttrykk for at dei er nøgd med det. Ved at ordet ”kanskje” er brukt og måten dette vart sagt på i situasjonen, tolkar eg det slik at informanten mogleg ikkje er heilt nøgd med å ha ein so sporadisk avtale for møte eller kontakt med logoped. Informanten i det siste sitatet har jevnleg møter med logoped og lærar for å best mogleg kunne samarbeide om bornet si stamming. Informanten skildrer at dette er absolutt nødvendig møter å ha for dei. Å halde eit realistisk bilete er ein kontinuerleg prosess som må føregå gjennom heile kontakten med bornet og foreldre, det for best mogleg kunne møte bornet sine behov og gje behandling som ivaretek dei sosiale, emosjonelle og utdanningsmessige aspekt (Lees 2005a). Det er av stor tyding at desse aspekt vert fylgt opp mange gonger medan bornet er i stammebehandling, og at det oppstår ein dialog mellom foreldre og logoped slik der ein kjem til ei felles forståing av kva som er best for bornet (Hansen 1986). Vidare er stamming eit så komplekst problem at stammebehandling ikkje kan verte vellukka viss det føregår i ei isolert setting mellom logopeden og bornet. Det er sær s viktig at det vert ei overføring til andre miljø som bornet finn seg (Mallard 1991). Dette står i samsvar med det Bronfenbrenner kallar nettverksklynger. Det vil sei at det er av stor tyding at det finst gode sambindingslinjer mellom bornet sine ulike mikrosystem, altså dei arena eller miljø der bornet finn seg. Desse arena er til dømes familien til bornet, på skulen eller blant venner. Det er viktig å sjå heilskapen i dei ulike miljøa, det som skjer i eit miljø vil påverke eit anna miljø og vice versa, det er ingen arena som er isolert frå ein anna (Bø 1988).

Vidare snakkar me om korleis situasjonen for foreldre og borna vart etter stammebehandling kom igong. Foreldre merker ikkje dei store endringane i borna si stamming, den er varierende. Det dei merker meir er at borna verker generelt å ha det betre i kvardagen, at trivnad og humør er meir framtrudande hjå borna. Eg merkar ei glede og mogleg lette i skildringane frå foreldre ved at dei opplever at situasjonen heime vart litt betre for borna og dei sjølve etter stammebehandling vart iverksett. Eg vel å la fylgjande sitat skildre korleis foreldre erfarte dette.

*”Altså veldig mykje betring synes eg ikkje det var med ein gong då. Men der er sånn, det går opp og ned, det gjør det. Men han er i eit heilt anna humør no. Eg veit ikkje, han er vorte heilt annleis liksom, altså sånn som han var før kan du sei.”*

*”Det vart ikkje noko betring for å sei det sånn, altså det har gått i bølger heile tida. Han har gode periodar, han har dårlege periodar. Men det som me har sett no, er at dalane på ein måte ikkje er så djupe, eg ser at han brukar aktivt teknikkar for å handtera stamming. ”*

Born i skulealder som stammer er like ulike som sine jevnaldrande, det som er felles for born som stammer er nettopp det, dei stammer. Born som stammer har ulike oppvekstvilkår og dei er i ulike miljø, har ulike foreldre og personligdom og temperamentet deira er mangearta (Hansen 1986). Å gjere endringar tar tid, det er ikkje noko som er ”gjort over natta”. Ein av hovudgrunnane for at foreldre skal delta i stammebehandling er å gje dei noko ”verktøy” som kan vere med på å redusere stamminga til bornet på ulike plan. Starkweather m.fl (1990) hevder at formålet med stammebehandling for foreldre er å gje foreldre kunnskap, det vil vidare vere med på å endre haldningar til foreldre og deira atferd (Christmann og Knudsen 1991). For at eit born skal utvikla eit godt sjølvbilete er det viktig å få anerkjenning frå foreldre. Born dannar kognitive bilete av seg sjølv og andre gjennom samspelet med foreldre, dette vil born føre med seg i sine relasjonar både på godt og vondt (Drugli og Lichtwark 1998). Born treng å erfare gode situasjonar og godt samspel og kommunikasjon med andre mennesker for å sikre dei gode vilkår for utvikling og oppvekst. Kva skjer med born når det skjer endringar i livet deira og korleis vil dette påverke dei? Det som skjer på ein arena eller miljø vil direkte eller indirekte påverke dei. Faktorar i bornet sjølv vil spele inn og korleis dei reagerer emosjonelt og kven som er involvert i prosessen. Dette kallar Bronfenbrenner for økologiske overgangar (Bø 1988).

Endringar foreldre elles hadde gjort etter oppstart av stammebehandling var at dei var opptatt av kommunikasjonen mellom seg og bornet, at dei skulle sjå på bornet medan dei tala med bornet, at bornet opplevde at dei hadde tid til å vent og høyre etter kva bornet sa. Og særst dette med at bornet måtte få snakke ferdig og ikkje verte avbroten i sin tale. Sams for alle foreldre unntatt ein, er at dei gjentek fleire gonger dette med



taletempoet. Desse foreldre formidlar ein både talt og uutalt dårleg samvit for at dei kanskje snakkar for fort og har eit for hurtig taletempo heime. Eg vel å la sitata under kaste lys over dette.

*”Det er jo ikkje like lett å huske dette med taletempo, og eg snakkar altfor fort, eg veit da.”*

*”Eg ser jo det at kanskje det er ting som me kunne gjort annleis, i måten me snakka til han på, me har jo kanskje ein ganske hurtig tale heime, til dels kanskje komplisert språk og sånne ting og då, det er nok sånne ting me burde vore meir medviten om.”*

Skuldkjensle og bekymring er noko som er sams for informantane i forhold til dette med blant anna taletempo. Slike kjensler kan vere kjensler som er sterkt rådande hjå foreldre. Det er av stor tyding at logoped hjelper foreldre å handtere desse kjenslene, forsikre foreldre om at dei ikkje har skuld i bornet si stamming og at dei er viktige samarbeidspartnare (Lees 2005a).

### **4.2.3 Forventningar og behov**

Av foreldra er det to av dei som har hatt kontakt med kompetansesenter, medan ein foreldre hadde fått brev om avtale. Ingen av foreldra hadde hatt kontakt med psykolog, fysioterapeut eller andre profesjonar for bornet si stamming etter råd frå logoped om å innhente meining om bornet si stamming. Unntaket var dei som fekk råd om å gå til fastlegen for henvising til spesialpraktiserande logoped. Når spørsmålet om foreldre kan skildre den mest ynskjelege logopedisk behandling for born og familie, trekkjer dei på smilet og dei tek ei tid for å tenkje før dei svarar, eg uttrykkjer at dei må ta den tid dei trenger. Samtlige foreldre skildrer at å kome i kontakt med logoped tidleg for å få informasjon og kunnskap om kva dei som foreldre kunne ha gjort hadde vore ynskjeleg. Dette for at dei kunne ha vorte meir medviten på eit tidlegare tidspunkt angående korleis dei kunne ha forhalde seg til bornet si stamming, og fordi at dei no veit kor viktig det er å gripe tidleg inn for at det skal vere større sjanse for at

stamma opphøyrer. Sitata under skildrer noko om kva foreldre seier om kva forventningar dei hadde før oppstart av stammebehandling.

*”Men noko sånn grunnleggjande bekymring var det vel ikkje der i byrjinga, fordi det vart sagt at, både av logoped og av barnehage og alt sånn at dette er ganske vanleg. Det er veldig mange som har det og dei vil vekse det av seg før dei byrjar på skulen. Så såg vel ikkje noko grunn til å ta sorgene på forskot for å sei det sånn. Og det er mogleg ein feil, frå vår side eller logopedar. Har i allfall synspunkt på de no i forhold til at burde kanskje ta sånne ting litt meir alvorleg, ikkje alvorleg på den måten at ungane skal få ein, ...byrje å gå til logoped elle skal byrje på behandling, men med tanke på kva foreldre kan gjera. Å vere meir medviten på måten me opptrer og sånne ting, det trur eg kunne vore ein fordel. Altså, foreldre sin måte å handtera dette på, om det blei stamming eller ikkje, om dei veks det av seg er for så vidt uinteressant, men at ein går tidleg inn og jobbar med foreldre, det trur eg absolutt kunne vore ein fordel.”*

*”Har meir tankar om det no enn tidlegare, det må eg sei, med bakgrunn i at me hadde inga erfaring verken med stamming eller med logopedar frå før. Så sånn sett så syns eg det er litt vanskeleg, altså klart det du tenkte jo det at dei skal sant, fikse ungen din sant, men det (sukker), det er jo ikkje så enkelt. Eg hadde nok kanskje meir trua på at ein kunne bli, litt sånn helbreda, ja på ein måte (uff), men det er jo ikkje sånn med stamminga som med andre ting, at du kan ta ein pille så blir du bra.”*

Eit slik tanke som informanten har i det siste sitatet om at logopeden kan ”fikse” bornet for stamming, er mogleg ei forventning som har samanheng med eit medisinsk syn, der stamming vert sett på som ein slags sjukdom eller plage, og at ein fagperson kan helbrede dei. Når foreldre oppsøker logoped er det gjerne med ei forventning om at logopeden skal kurere stamminga til bornet (Preus 1995). Informantane har etter kvart akseptert at stamminga er mogleg noko som vil fylgje bornet resten av livet. Forventningar til stammebehandlinga til informantane har endra seg i den forstand at dei no veit meir om kva som *kunne* ha vore gjort for at stamminga til borna kunne mogleg fått eit anna utfall. Dette er fordi at dei i etterkant sit med ein kunnskap, og er meir medviten om stamminga sin natur og at dei veit kor tydingsfullt det er med tidleg intervensjon.

Når foreldre skal skildre eigenskapar som dei meiner er viktige for ein logoped å ha, er ord som tillit, menneskekunnskap, forståing, kommunikasjon og samarbeid blant dei

orda foreldre formidlar. Ordet som er sams for alle foreldre når dei skal skildre eigenskapar hjå logoped er tryggleik. Eg vel å la sitata under kasta lys over skildringane til foreldre.

*”Viktig at bornet får ei kjensle av å vere trygg og komfortabel. Logopeden må jo òg ha evne til å tilpassa seg den enkelte sine behov, må vere tålmodig. Ikkje ”pushe” på dei kjenslevare tinga for der er ingen kjappe løysingar.”*

*”Det er jo nokon personar born kjenner seg veldig trygge på med ein gong, det må vere ein sånn person som born får ein sånn kjensle av tryggleik for.”*

Eit samarbeid kan ha ulike tidsaspekt, kor lenge born og foreldre treng å ha eit samarbeid med logoped for borna sine stammevanskar vil vere individuelt. Som individ er alle mennesker unike og ulike som vil reagere ulikt og handtere situasjonar på sin måte. Dess meir kontakt partane har med kvarandre di større tyding er det å kunne ha og oppretthalde ein gjensidig tillit. Tillit kan verke som eit ”lim” til trass for ulikskapar. Ein må gjere seg fortent til tillit og grunnhaldning til logoped som kjem til syne vil verke inn på utfallet av det (Drugli og Lichtwark 1998). Eigenskapane som informantane har skildra som tydingsfulle for ein logoped å inneha, meiner eg er i samanfall med dei eigenskapane Carl Rogers har definert som grunnleggjande haldningar ein rådgjevar må ha for at eit samarbeid i ei rådgjeving skal verte vellukka. Desse haldningane er å vere kongruent, logoped må visa autentisitet som tyder å kunne sjå bornet og foreldre sine problem slik dei verkeleg er utan å forneakta eller minske dei. Vidare vise betingelseslaus positiv akting ved å vise respekt, akseptering på ein ikkje-dømande måte og verdsetje mennesker slik dei er. Den tredje haldninga er empati, der logoped må ta bornet og foreldre sitt perspektiv. Og setje seg inn kva erfaringar og opplevinga born og foreldre har, for best mogleg kunne hjelpe bornet med sin stammevansken (Davis 1995).

# 5 AVSLUTNING

## 5.1 OPPSUMMERING OG KONKLUSJON

Undersøkinga viser det er av tyding for informantane å formidle at borna deira er så mykje meir enn berre eit born som stammar. Informantane opplever at stammainga til borna har ein varierende karakter, der borna stundom stammar mykje til at dei kan ha ein nesten flytande tale. Dei opplever borna si stamming som vond, vanskeleg og som etablert stamming. Endringar av rutinar og relasjonar i miljøet har tyding for påverknaden av stammainga til borna. Informantane hadde i hovudsak lite erfaring med stamming frå før. Informantane skildrer ei ”vent- og sjå” haldning frå fagfolk når borna byrja å stamme. Undersøkinga viser at informantane har meir forventningar etter oppstart av stammebehandling enn dei hadde før. I tillegg skildrer informantane at det er tydingsfullt at dei tidleg får kunnskap om kva dei kan gjere for bornet si stamming

Problemstillinga i undersøkinga var som fylgjande:

### **Korleis opplever foreldre å ha eit born som stammer og korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**

Eg presenterar her dei viktigaste funna opp mot forskingsspørsmåla som skal kaste lys over problemstillinga i undersøkinga:

- **Korleis opplever foreldre at stammainga påvirkar bornet?**

Undersøkinga viser at informantane opplever at borna si stamming er vond, vanskeleg og etablert stamming. Borna har utvikla mykje sekundæratferd i samband med stammainga. Stammainga til borna har ein varierende karakter, som svingar mellom mykje stamming til nesten taleflyt. Informantane opplever at borna er medviten si stamming og har ein identitet som ein person som stammer eller at den sterkt påverkar sjølvkjensla til borna.

- **Korleis opplever foreldre at bornet si stamming påvirker bornet sine relasjonar?**

Undersøkinga syner at informantane opplever at endringar i borna sitt miljø har påverknad på stamminga. Informantane opplever det ulikt korleis stamminga til borna arter seg i dårlege eller betre periodar. Nokon av informantane opplever at viss bornet har ein dårleg periode så er stammer bornet like mykje uansett kva miljø bornet finn seg i. Medan nokon av informantane opplever at bornet stammer meir heime enn med saman med venner i liknande periodar. Borna sine relasjonar har påverknad på stamminga, og borna har opplevd å verte mobba eller fått negative kommentarar for si stamming.

- **Kva tankar har foreldre om stamming og har dei erfaring med stamming frå før?**

Undersøkinga viser at informantane har mykje skuldkjensle og bekymringar i samband med borna si stamming. Informantane har mange tankar om årsaker til bornet si stamming, og alle har tankar om at arv og gener spelar inn på stamminga sin natur.

- **Korleis skildrer foreldre den logopediske behandling?**

Alle informantane skildrer at dei har møtt ei ”vent- og sjå” haldning når bornet byrja å stamme. Dei fleste av informantane skildrer at det har tatt tid for å kome i stammebehandling, men er stort sett nøgd når stammebehandlinga har teke til. Informantane skildrer at dei har vorte godt mottek av logoped og har fått informasjon om stamming. Alle informantane har ein sporadisk kontakt med logoped etter oppstart av stammebehandlinga, unntatt ein av informantane som har hatt eit jevnleg samarbeid med logoped.

- **Kva forventningar og behov har foreldre til den logopediske behandling?**

Undersøkinga viser at informantane har meir forventningar etter oppstart av stammebehandling enn dei hadde før. Informantane har meir kunnskap om stamming no enn tidlegare, og felles for alle informantane er skildringar om at det er av stor

tyding at borna kjem tidleg igong med stammebehandling. I tillegg at dei som foreldre får informasjon om stamming, for å få vite kva dei som foreldre kan gjere for bornet si stamming. Informantane skildrer at den mest tydingsfulle eigenskapen hjå logoped for dei er tryggleik, at borna skal oppleve at dei er trygge hjå logoped.

Funna i denne undersøkinga kan berre gje eit lite innblikk i korleis foreldre opplever å ha eit born som stammer og korleis dei vil skildre den logopediske behandling. Det kunne vore spennande ved seinare høve å få informasjon frå andre som eventuelt er involvert i samband med bornet si stammebehandling. Det kunne vore interessant å finne ut korleis eventuelt logoped eller lærar opplever



# Litteraturliste

- Alm, P. (1995): *Stamning. Om orsaker och behandling, och om hur man själv kan arbeta med sin stamning*. Borås : Natur och Kultur.
- Askland, L. og S.O. Sataøen (2000): *Å høyre til*. Oslo : Gyldendal Akademiske.
- Befing, E. (2002): *Forskningsmetode, etikk og statistikk*. Oslo : Det Norske Samlaget.
- Bloodstein, O. (1995): *A handbook on stuttering*. London : Chapman & Hall.
- Bloodstein, O. (1997): "Stuttering as an anticipatory struggle reaction". I: *Nature and treatment of stuttering*. R. F. Curlee og G.M. Siegel (red.). Boston-London-Toronto-Sydney-Tokyo-Singapore : Allyn & Bacon.
- Bø, I. (2000): *Barnet og de andre*. Oslo : Universitetsforlaget.
- Bø, I. (1988): *Det kommer an på samarbeidet*. Otta : TANO.
- Christmann, H. og P.F. Knudsen (1991): *Forebyggelse af stammen*. Herning : Special-pædagogisk forlag.
- Craig, A. (2005): "Combination treatment for the older child: fluency shaping and speech muscle feedback therapy within a behavioural regimen. I: *The treatment of stuttering in the young school-aged child*. R. Lees og C. Stark (red.). London-Philadelphia : Whurr Publishers.
- Dalen, M. (2004): *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. Oslo : Universitetsforlaget.
- Davis, H. (1995): *Rådgivning til foreldre med kroniske syke og funksjonshemmede barn*. Oslo : Ad Notam Gyldendal.
- Davis, S., P. Howell og F. Cooke (2002): "Sosiodynamic relationships between children who stutter and their non-stuttering classmates". I: *Journal of child psychology and psychiatry*, 43:7 (2002), pp 939-947.



- Dell, C. W. Jr. (1990): *Hvad gør man ved børnestammen – en vejledning for pædagoger*. Herning : Special-pædagogisk forlag. (oversatt av Sonja Hurwitz).
- Drugli, M.B. og W. Lichtwarck (1998): *Foreldrearbeid – med barnet i fokus?*. Oslo : Universitetsforlaget.
- Gregory, H.H. og C.B. Gregory (1999): "Counseling children who stutter and their parents". I: *Stuttering and related disorders of fluency*. R. F. Curlee (red.). New York-Stuttgart : Thieme.
- Grønmo, S. (1996): "Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen." I: *Kvalitative metoder i samfunnsforskning*. H. Holter og R. Kalleberg (red.). Oslo : Universitetsforlaget.
- Guitar, B. (1998): *Stuttering. An integrated approach to its nature and treatment*. Baltimore : Lippincott Williams & Wilkins.
- Guitar, B. (2006): *Stuttering. An integrated approach to its nature and treatment*. Baltimore-Maryland : Lippincott Williams & Wilkins.
- Hansen, D. (1986): *Stammen. Vejledning i undervisning af skolebørn*. Harlev : Edelhøjforlaget.
- Johannessen, E., E. Kokkersvold og L. Vedeler (2001): *Rådgivning*. Oslo : Gyldendal Akademiske.
- Johnsen, G. (2006): "Intervjuet – en forsknings samtale i møtet mellom mennesker." I: *Masteroppgaven i pedagogikk og spesialpedagogikk*, K. Fuglseth og K. Skogen (red.) Oslo : Cappelen akademiske forlag.
- Klefbeck, J. og T. Ogden (1995): *Nettverk og økologi*. Otta : TANO.
- Kvale, S. ((2001): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo : Gyldendal Norsk Forlag.
- Lassen, L.M. (2002): *Rådgivning. Kunsten å hjelpe*. Oslo : Universitetsforlaget.
- Lauvås, K. og P. Lauvås (2004): *Tverrfaglig samarbeid*. Oslo : Universitetsforlaget.

- Lees, R. (2005a): "The assessment of children who stutter." I: *The treatment of stuttering in the young school-aged child*. R. Lees og C. Stark (red.). London-Philadelphia : Whurr Publishers.
- Lees, R. (2005b): "Consideration and overview of treatment approach". I: *The treatment of stuttering in the young school-aged child*. R. Lees og C. Stark (red.). London-Philadelphia : Whurr Publishers.
- Mallard, A.R. (1991): "Using families to help the school-age stutterer: a case study". I: *Parents, families and the stuttering child*. L. Rustin (red.) Kibworth : Far Communications.
- Manning, W.H. (1999): "Progres under the surface and over time". I: *Stuttering research and practice: bridging the gap*. N. Bernstein Ratner og E. C. Healy (red.). New Jersey-London : Lawrence Erlbaum Associates.
- NESH (2006): *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, jus og teologi*. Oslo : De nasjonale forskningsetiske komiteer.
- Opplæringslova og forskrifter (2006): *Opplæringslova kap. 5, §5-1, §5-7*. Ø. Stette (red.), Aurskog : PEDLEX norsk skoleinformasjon.
- Packman, A. og J. S. Attanasio (2004): *Theoretical issues in stuttering*. USA-Canada : Psychology Press.
- Pettersen, R.C. og J.A. Løkke (2004): *Veiledning i praksis*. Oslo : Universitetsforlaget.
- Preus, A. (1995): *Stamming og løpsk tale*. Oslo : Pensumtjeneste.
- Rustin, L., W. Botterill og F. Cook. (1991): "Intensive management of the adolescent stutterer. I: *Parents, families and the stuttering child*. L. Rustin (red.) Kibworth : Far Communications.
- Røkenes, O.H. og P.H. Hanssen (2002): *Bære eller bryte*. Bergen : Fagbokforlaget.

Sosial- og helsedirektoratet (2007): *ICD-10. Den internasjonale statistiske klassifikasjon av sykdommer og beslektede helseproblem*. URL: <http://finnkode.kith.no/searchform.aspx>. (lesedato: 12.08.09).

Starkweather, C.W, S.R. Gottwald og M.M. Halfond (1990): *Stuttering prevention a clinical method*. Englewood Cliffs-New Jersey : Prentice Hall.

Tetnowski, J. A og J. S. Damico (2001): "A demonstration of the advantages of qualitative methodologies in stuttering research". I: *Journal of fluency disorders*, 26 (2001) 17-42.

Thagaard, T. (2003): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Poland : Fagbokforlaget.

Van Riper, C. (1982): *The nature of stuttering*. Englewood Cliffs-New Jersey : Prentice-Hall.

Van Riper, C. (1973): *The treatment of stuttering*. Englewood Cliffs-New Jersey : Prentice-Hall.

Vanryckeghem, M., C. Hylebos, G. J. Brutton og M. Peleman (2001): "The relationship between communication attitude and emotion of children who stutter." I: *Journal of fluency disorders*, 26 (2001) 1-15.

## Vedlegg 1

Erling Kokkersvold  
Institutt for spesialpedagogikk  
Universitetet i Oslo  
Postboks 1140 Blindern  
0318 OSLO

Vår dato: 28.11.2007 Vår ref: 17781 / 2 / SF Deres dato: Deres ref:

### TILRÅDING AV BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 26.10.2007. Meldingen gjelder prosjektet:

<i>17781</i>	<i>Foreldre si erfaring med å ha born som stammer og dei si erfaring med den logopediske behandling</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Universitetet i Oslo, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Erling Kokkersvold</i>
<i>Student</i>	<i>Irene Brekklus</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.

Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven/-helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de

opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget

skjema, [http://www.nsd.uib.no/personvern/melding/pvo\\_endringsskjema.cfm](http://www.nsd.uib.no/personvern/melding/pvo_endringsskjema.cfm). Det skal også gis melding etter

tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database,

<http://www.nsd.uib.no/personvern/register/>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.06.2008, rette en henvendelse angående status for

behandlingen av personopplysninger.

Bjørn Henrichsen

Sølve Fauskevåg

Vennlig hilsen

Kontaktperson: Sølve Fauskevåg tlf: 55 58 25 83

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Irene Brekklus, Teigdalsvegen 874, 5707 EVANGER

## **Personvernombudet for forskning**

### **Prosjektvurdering - Kommentar**

17781

Det vil i prosjektet behandles sensitive personopplysninger om helseforhold, jf.

personopplysningsloven

(pol) § 2 punkt 8 c.

Personvernombudet finner at behandlingen kan hjemles i pol §§ 8, første ledd og 9 a, samtykke.

Informasjonsskrivet er godt utformet og redegjør for alle sider ved prosjektet.

Ved prosjektslutt 01.06.2008 skal datamaterialet anonymiseres. Anonymisering innebærer at direkte og

indirekte personopplysninger slettes eller omkodes (grovkategoriseres), samt at lydopptak og koblingsnøkkel

slettes.

## Vedlegg 2

Irene Brekkhus

Teigdalsvegen 874

5707 EVANGER

Mobil-tlf: 47665444

E-post adresse: [ireneb@stud.hisf.no](mailto:ireneb@stud.hisf.no)

### **Førespurnad til foreldre om å delta som informant i masteroppgåva mi**

Eg heiter Irene Brekkhus og er logopedstudent ved Universitetet i Oslo/Høgskulen i Sogn og Fjordane. Eg ynskjer å skrive ei oppgåve der temaet er: **Foreldre si erfaring med å ha born som stammer og deira erfaringer med den logopediske behandling.**

I løpet av desember 2007/januar 2008 vil eg gjennomføra intervju i samband med dette og i det høve henvender eg meg til dykk.

Med oppgåva mi ynskjer eg å auke logopeden si innsikt og kunnskap om foreldresamarbeid og behov i samband med stammebehandling. Difor er eg interessert i å snakke med dykk om dykkar opplevingar med å ha eit born som stammer og dykkar erfaringer med den logopediske behandling. Intervjuet vil ha ei lengd på om lag 1 time. De har rett til å høyre gjennom opptak og gjere endringer i etterkant.

Deltaking er frivillig, og dersom de gjer samtykkje til deltakinga kan de trekkja det tilbake på eit kva som helst tidspunkt utan at de treng å oppgje grunn og utan at det vil få nokon konsekvensar for dykkar behandling. Prosjektet er tilrådd av personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS (NSD). All informasjon vil verta handsama konfidensielt og oppbevart på trygt og forsvarleg vis. Informasjon i form av elektroniske opptak og utskrift av intervju vil verta destruert etter prosjektet er avslutta 01.06.2008. I oppgåva vil deltakarane verta anonymiserte og informasjon eg mottek vil verta presentert slik at den ikkje vil kunne tilbakeførast til dei.

Viss de ynskjer å delta i undersøkjinga, ver venleg å fyll ut vedlagte skjema om samtykkje og returner det til meg. Så tar eg kontakt for nærmare avtale. Har de spørsmål eller noko de lurer på i samband med prosjektet, så ta gjerne kontakt med meg.

Med venleg helsing

Irene Brekkhus

### Vedlegg 3

#### Samtykkjeerklæring

Ja, me ynskjer å delta som informanter i Irene Brekkhus si masteroppgåve med temaet:

**Foreldre si erfaring med å ha born som stammer og deira erfaringer med den logopediske behandling.**

Navn:.....

Adresse:.....

Postnr./poststed:.....

Tlf:.....E-

postadresse:.....

Dato:.....

Underskrift:.....

Returnerast til :

Irene Brekkhus

Teigdalsvegen 874

5707 EVANGER

Mobil-tlf: 47665444

E-post adresse: [ireneb@stud.hisf.no](mailto:ireneb@stud.hisf.no)





## Vedlegg 4

# **INTERVJUGUIDE TIL FORELDRE**

## **Innleiing**

- Presentere meg sjølv og tema
- Forklare hensikten med intervjuet

## **Rettigheter**

- Sikra anonymitet for born/foreldre
- Opptaket som er gjort vil ingen andre få lytta til og opptaket vil verta sletta etter undersøkjinga er fullført
- Kan trekkja dykk frå denne undersøkjinga på eit kva som helst tidspunkt utan at de treng å oppgje grunn og utan at det vil få nokon konsekvensar for dykkar behandling
- Rett til å høyra gjennom opptaket av intervjuet og gjere endringer i etterkant
- Få underskrift på samtykkeskjema

## **Bakgrunnsopplysningar**

- Bornet

- Alder
  - Klasetrinn
  - Kjønn
- 
- Foreldre
  - Alder
  - Yrke
  - Kjønn
  - Bustadkommune

### **Opningsspørsmål**

- Viss de skal fortelja om bornet dykkar til nokon som ikkje kjenner han/ho frå før – kva vil dykk sei då?

### **Oppleving av stamminga**

- Viss de skulle skildra startfasen då bornet byrja å stamme – kva vil dykk sei då?
- Kan de fortelja om kva tanker de gjorde dykk og korleis de opplevde det når bornet byrja å stamme?
- Når og av kven vart det iverksatt søknad om hjelp for bornet si stamming?
- Korleis opplever dykk bornet si stamming slik den er no?

- Opplever de at stamma til bornet påvirker dykk som foreldre annleis no enn då bornet byrja å stamma?
- Kva tanker har de om årsaker til stamma?
- Hadde de noko erfaring eller kunnskap om stamma frå før?

### **Skildring av den logopediske behandling**

- Kan de fortelja noko om tanker eller forventningar de gjorde dykk før de hadde møte med logoped?
- Kan de fortelja om fyrste møte med logoped?
- Kan de fortelja noko om kva informasjon de fekk frå logoped om:
  - bornet si stamma?
  - informasjon om stamma?
  - eventuelt korleis de skulle forhalde dykk til stamma til bornet?
  - tilbod om veiledning?
- Etter at bornet byrja stammebehandling hjå logoped – korleis vil de skildra bornet si stamma?
- Etter at dykk hadde hatt veiledning/møte med logoped – kan de skildre eventuelle endringer i dykkar måte å handtere bornet si stamma på?
- Kan dykk snakke og vere open med bornet om stamma?
- Er de fornøyde med den behandlinga bornet har fått/får for stamma og veiledning/informasjon til dykk som foreldre?

- Er de tilfreds med hyppighet av behandlingstilbod frå logoped?
- Kva vil de sei om dykkar behov for veiledning frå logoped, vert det dekkja eller har de behov for meir?
- Gav logoped dykk råd om å innhente meiningar frå andre profesjonar? For eksempel fysioterapeut, psykolog, spesialpedagog eller andre?
- Kva eigenskaper meiner de at det er viktig for ein logoped å ha?
- Viss de skulle skildre(beskrive) den mest ynskjelege form for logopedisk behandling for eit born som stammar og familien, kva ville de ha sagt då?

### **Avsluttande spørsmål**

- Noko meir de meiner eg burde vite eller har gløymt å spørje om?
- Ynskjer de å høyre gjennom opptaket?
- Det vidare arbeide med oppgåva

## Vedlegg 3